

Lærdal kommune

# Skulebruksplan 2015-2030

## Moglege løysingar for framtida

2015-02-18 Oppdragsnr.: 5150846



Rev. 21.05.15	Dato:	Omtale Skulebruksplan	Utarbeidet TG/ES	Fagkontroll TL	Godkjent TL	

Dette dokumentet er utarbeida av Norconsult AS som del av det oppdraget som dokumentet omhandlar. Opphavsplassen tilhøyrer Norconsult. Dokumentet må berre nyttast til det formål som framgår i oppdragsavtalen, og må ikke kopierast eller gjerast tilgjengeleg på annan måte eller i større utstrekning enn formålet tilseier.

# Innhold

<b>1</b>	<b>Grunnlaget for skulebruksplanen</b>	<b>5</b>
1.1	Bakgrunn	5
1.2	Om planarbeidet	5
1.3	Organiseringa av planarbeidet	6
1.4	Rammevilkår – sentrale lover, regelverk og læreplanverk	6
1.4.1	Opplæringslova	6
1.4.2	Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v.	7
1.4.3	Arbeidsmiljølova	7
1.4.4	Plan og bygningslova	7
1.4.5	Kommunale føringar	7
1.4.6	Kunnskapsløftet	7
1.4.7	Skulehelsetenesta	8
<b>2</b>	<b>Elevtalsprognosar</b>	<b>10</b>
2.1	Prognoseføresetnader	10
2.1.1	Samla folketalsutvikling – tre alternativ Statistisk Sentralbyra (SSB)	10
2.2	Heile grunnskulen	11
2.3	Lærdalsøyri skule (kombinert 1-10 skule med felles ungdomssteg for heile kommunen)	12
2.4	Ljøsne skule (fådelt 1-7 skule)	13
2.5	Borgund skule (fådelt 1-7 skule)	14
<b>3</b>	<b>Analyse med kapasitetsvurderinger</b>	<b>15</b>
3.1	Borgund skule (1-7, fådelt)	16
3.2	Ljøsne skule (1-7, fådelt)	19
3.3	Lærdalsøyri barne- og ungdomsskule (1-10)	23
3.4	Oppsummerande Kapasitetsvurdering av grunnskulane	27
3.4.1	Samla kapasitetsvurdering – heile kommunen	27
<b>4</b>	<b>Sentrale moment i vurderinga av lokal skulestruktur</b>	<b>28</b>
4.1	Plan-, behovs- og kapasitetsfokus:	29
4.2	Pedagogiske og organisatoriske fokus	31
4.3	Økonomisk fokus	35
4.3.1	Opplæringslovens § 8-2 presiserer at:	36
4.4	Bygningsmessig fokus	37
4.5	Nærmiljø- og folkehelsefokus	40
4.5.1	Skuleskyss og reisetid	42
4.5.2	Eventuell etterbruk av Ljøsne skule	44
<b>5</b>	<b>Arealnorm</b>	<b>45</b>
5.1	Grunnskule	45
5.1.1	Tekst/utfyllande forklaring til arealnorma	45
5.1.1.1	Generelt læringsareal	45
5.1.1.2	Spesielt læringsareal	45

5.1.1.3 Personal- og administrasjon	46
5.1.1.4 Andre funksjoner	46
5.2 Døme på ein arealnorm for Lærdal kommune	47
<b>6 Strukturmogelegeheter</b>	<b>48</b>
6.1 Hovudutfordringar i Lærdal-skulen	48
6.2 Økonomiske føresetnader for investering og driftskostnader	48
6.3 Fire moglege alternativ / konsept	49
6.3.1 Oppvekstsenter på Borgund	49
6.3.2 Oppvekstsenter på Ljøsne med barnehage, skule for 1-4 årssteg (inklusiv SFO).	50
6.3.3 Justering av krinsgrenser og opptaksområder	50
6.4 To alternativ er «silt ut» - og er ikkje med vidare: Borgund til Ljøsne og Borgund til Lærdalsøyri	50
6.5 Moglegheit 0 – Vidareføring av dagens situasjon (referansealternativet)	51
6.5.1 Strukturkonsekvensar	51
6.5.2 Investerings- og bygningsmessige konsekvensar	51
6.6 Moglegheit 1- To skular – «ein i kvar ende» (Lærdalsøyri og Borgund)	52
6.6.1 Strukturkonsekvensar	52
6.6.2 Investerings- og bygningsmessige konsekvensar	53
6.7 Moglegheit 2 – To skular – ein ny barnehage på Ljøsne	54
6.7.1 Strukturkonsekvensar	54
6.7.2 Investerings- og bygningsmessige konsekvensar	54
6.8 Moglegheit 3 – To skular og eitt oppvekstsenter (barnehage, 1-4 skule) på Ljøsne	55
6.8.1 Strukturkonsekvensar	55
6.8.2 Investerings- og bygningsmessige konsekvensar	56
6.9 Estimerte driftsmessige konsekvensar – kvart alternativ / konsept	57

# 1

## Grunnlaget for skulebruksplanen

### 1.1 Bakgrunn

Skulebruksplanen er ein tematisk kommunedelplan som er heimla i plan- og bygningslova sin § 11-1. Planen vurderer at det er store nok offentlege areal avsett til skuleføremål i Lærdal, slik at denne planen ikkje kjem med framlegg til nye areal ved neste rullering av Kommuneplanens arealdel.

Skulebruksplanen skal vere eit overordna politisk styringsdokument der samfunnsmessige behov vert avdekkja, og kor ein set mål og vedtek løysingar for store deler av korleis grunnsuletenestene skal innrettast – på lang sikt.

Skulebruksplanen skal ha eit langsiktig perspektiv og medverka til:

- ❖ å sikra ein stabil og berekraftig skulestruktur over tid
- ❖ å sikra at elevane har ei akseptabel reisetid i samband skuleskyss
- ❖ å sikra eit utviklande, likeverdig og godt skuletilbod til alle elevane i kommunen
- ❖ å sikra funksjonelle og kostnadseffektive skuleanlegg
- ❖ å sikra eit godt arbeidsmiljø for alle elevar og tilsette
- ❖ å sikra nok skuleareal, både ute og inne

Skulebruksplanen skal gje kommunen fagleg grunnlag til å planleggje og prioritere utbygging av skulekapasiteten i tråd med behova og som samsvarer med den økonomiske røynda i kommunen.

Planen skal vere i tråd med kommunale og nasjonale målsetjingar.

Skulebruksplanen er òg eit utgangspunkt for rådmannen sitt administrative arbeid og forvaltinga av oppgåver innan skuleområdet.

### 1.2 Om planarbeidet

Målet med planarbeidet har vore:

- ❖ å sikra samsvar mellom elevtalsutvikling (behov) og tilgjengeleg skulekapasitet (skuleplassar)
- ❖ å sikra mest mogeleg kvalitet i skulen og ein optimal bruk av dei rammene kommunen til ein kvar tid rår over

- ❖ å koma fram til ein skulestruktur som er tilpassa føresetnader som ligg i vedteken kommuneplan
- ❖ å sikre at skuleanlegga i Lærdal er tilpassa ein skuledrift i tråd med gjeldande sentrale og lokale retningsliner og planar
- ❖ sikra eit godt arbeidsmiljø for tilsette og elevar
- ❖ gje råd om fysiske og pedagogiske arealrammer
- ❖ prioritera og tidfesta tiltak innanfor kommunen sine økonomiske rammer for investeringar

Organisering av intaket til skulane (skulelokalisering) vert regulert i eigen forskrift. Ei eventuell sak som regulerer / endrar skulekrinsgrenser, vert handsama som eiga sak til kommunestyret.

### 1.3 Organiseringa av planarbeidet

Planarbeidet har vore organisert med Formannskapet som politisk styringsgruppe. Ei administrativ prosjektgruppe har følgt opp dei faglege vurderingane i planarbeidet med slik samansetjing:

Torunn Liltved (leiar)  
Målfrid Aspeseter  
Anita Karlsen Bentås  
Johs. Henrik Myrmel

Rådmannen har delteke i prosjektgruppa etter behov.

Det er avhalde tre folke- og dialogmøter før offentleg høyring – for å drøfte status og utfordringar direkte med innbyggjarane. Samstundes gav folkemøta innbyggjarane høve til å koma med innspel til tema og moment i planen.

Vidare er det nytta referansegrupper som har sitt dagelege virke på grunnskulane, som rektorane og arbeidsplassstillsvalde.

### 1.4 Rammevilkår – sentrale lover, regelverk og læreplanverk

Lover, forskrifter og rettleiingar frå nasjonalt hald gjev føringar som skuleanlegga skal innfri. I dette kapittelet er det lista opp dei mest aktuelle føringane for skulebruksplanen. Dette gjeld mellom anna opplæringslova med forskrift, forskrift for miljøretta helsevern i barnehagar og skular med rettleiing, arbeidsmiljølova og forskrift om arbeidsplassar og arbeidslokale med rettleiing, her under inneklima.

#### 1.4.1 Opplæringslova

Opplæringslova § 8-1 Skolen, 1. ledd:

«Grunnskoleelevarane har rett til å gå på den skolen som ligg nærmest eller ved den skolen i nærmiljøet som dei soknar til. Kommunen kan gi forskrifter om kva for skole dei ulike områda i kommunen soknar til. Kravet i § 38 første leddet bokstav c i forvaltningslova om kunngjering i Norsk Lovtidend gjeld ikkje».

Opplæringslova § 9-5. Skuleanlegga: «Kommunen skal sørge for tjenlige grunnskoler. Til vanlig bør det ikke etableres grunnskoler med mer enn 450 elever».

I skuleåret 2014/15 var det ca. 256 grunnskular i Noreg med over 450 elevar, og vi kan til ein viss grad seie at paragrafen er ein «sovande» paragraf. Auka sentralisering og samanslåing av mindre skular til større skular, er aukande i Noreg. I skuleåret 2012/13 var det 235 grunnskular med elevar over 450 elevar. Inneverande skuleår er det 21 skular fleire som har eit elevtal over 450 elevar. Truleg er det dei minste skulane som vert hardast råka av denne sentraliseringstrenden. 40 prosent av skulane har ein storleik mellom 100 – 300 elevar. Dette er også ein skulekategori som er veksande.

Kan hende vil eventuelle kommunesamanslåingar gje auka effekt av færre og større skular i framtida.

#### **1.4.2 Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v.**

Forskrifta trådde i kraft 01.01.1996 og vert ofte omtala som barnas arbeidsmiljølov. Forskrifta inneheld krav til det fysiske og sosiale miljøet, og gjev krav til bl.a. ansvarsforhold, internkontroll, plikt til opplysning og informasjon, tilsyn, sanksjonar og klage. Føremålet med forskriftena er å bidra til at miljøet i barnehagar og skular fremmer helse, trivsel og gode sosiale og miljømessige tilhøve samt førebygger sjukdom og skade. Den einskilde skule og barnehage skal godkjennast etter forskriftena. Dette gjeld også nye anlegg. Det er kommunalsjef for pleie og omsorg som er godkjenningsmynde i Lærdal kommune.

Det må vere eit mål at samtlege skuleanlegg i kommunen er godkjent etter Forskrift om miljøretta helsevern i skular og barnehagar.

#### **1.4.3 Arbeidsmiljølova**

Dei tilsette sine miljøkrav er ivaretatt gjennom Arbeidsmiljølova. Arbeidsmiljølova sitt formål er å sikre eit arbeidsmiljø som gjev "full trygghet mot fysiske og psykiske skadenvirkninger" samt å bidra til eit "inkluderende arbeidsliv" (§ 1-1). Arbeidstilsynet fører tilsyn med at lova vert etterfølgjt.

#### **1.4.4 Plan og bygningslova**

Plan og bygningslova med tilhørande byggeforskrift inneheld omfattande krav til det fysiske miljøet, her under krav til universell utforming. Ny plan og bygningslov trådde i kraft juli 2010. Lovverket skal føljast i samanheng med planlegging og oppføring av nye skular og barnehagar, samt rehabilitering av eksisterande bygg.

#### **1.4.5 Kommunale føringar**

Skulebruksplanen må sameinast med eksisterande plandokument og politiske vedtak i Lærdal kommune. Særleg gjeld dette det føreståande planarbeidet med Kommuneplanen sin samfunnsdel og det pågående omstillingssarbeidet som skjer i kommunen.

Skulebruksplanen nyttar det høgaste framskrivingsalternativet frå SSB (HMHH), som grunnlag for elevtalsframskrivinga. Dette er eit alternativ som inneber auka tilflytting i alle skulekrinsane dei komande 15 åra, og er ikkje i tråd med den historiske utviklinga. Det betyr at ein forventar utteljing av omstillingstiltak i samband med andre overordna planar.

#### **1.4.6 Kunnskapsløftet**

I den generelle delen av Kunnskapsløftet vert dei viktigaste sidene oppsedinga og opplæringa skal ta omsyn til omtala. Den generelle delen dannar eit forpliktande grunnlag for læreplanen for fag i

grunnskule og vidaregåande opplæring. Dei sju ulike sidane ved mennesket som vert framheva i den generelle delen er:

- ❖ Det meiningsøkjande menneske
- ❖ Det skapande menneske
- ❖ Det arbeidande menneske
- ❖ Det allmenndanna menneske
- ❖ Det samarbeidande menneske
- ❖ Det å miljømedvitne menneske
- ❖ Det integrerte menneske

Fagdelen av Kunnskapsløftet omhandlar dei ulike fagområda for grunnskulen. Hovudidéen bak læreplanane er einskapsskulen der omgrepa "fellesskap" og "tilpassing" står sentralt. Ein skule for framtida må difor leggja til rette for:

- ❖ Mangfaldet i elevane sine interesser og føresetnader
- ❖ Endringar som følgjer med aukande alder
- ❖ Mangfaldet i familie- og kulturell bakgrunn til elevane
- ❖ Det mangfaldet som òg vil prega lærarane og dei vaksne som deltar aktivt i skulekvardagen
- ❖ Ikkje berre framtidige utfordringar, men òg ein meiningsfull dag i dag, og ei tilhøyrslle for den einskilde

Læringsplakaten stiller auka krav til tilpassa eller differensiert opplæring. Læringsplakaten er forskriftsfesta og omfattar grunnleggjande prinsipp og krav som skal prege og forplikta skular. Skulen skal fremja tilpassa opplæring og varierte arbeidsmåtar, og har soleis trond for tilrettelagde læringsarenaer som gir høve til varierte undervisningsformer. (NOU 2006:16 I første rekke).

#### 1.4.7

#### **Skulehelsetenesta**

Lærdal kommune har helsesyster i 100% stilling. Frå hausten 2015 er det løyvd midlar til ein 50%stilling til. Vi har samstundes helsestasjonslege i 20%stilling.

Helsesøster har eit kontor på helsestasjon, knytt til helseenteret. Helsesøster har tidlegare hatt kontor på Lærdalsøyri skule, men det er prioritert bort grunna plassmangel og at den halve stillinga har vore vakant. Det har vore utfordrande å få kopla til WinMed helsestasjonsprogram på skulen.

Alle helsekontrollar blir utført på helsestasjon. Elevane får tilbod om helsekontrollar i 2/3, 5, og 8 klasse. Dei får tilbod om vaksinane i 2, 6, 7 og 10 klasse. Vaksinering skjer både på skulen og på helsestasjon. Dei minste har foreldre med seg til vaksinering/helsekontrollar og dette blir gjort på helsestasjon.

Helsesøster har vore med på faste tverrfaglige møter på skulen annan kvar fredag. Elles har ikkje helsesøster hatt faste tider på skulane i Lærdal. Dette pga tidmangel.

Helsesøster jobbar tett med miljøarbeidarar på skulen. Dei har hatt samtalegrupper i lag, og arbeider med det psykososiale miljøet, på alle tre skulane. Elles har helsesøster undervist i 5, 6, 9 og 10 klasse.

Helsesøster er med på ansvarsgrupper rundt elevar med spesielle behov. Enkelte elevar har individuell oppfølging på helsestasjon.

Det er oppretta samarbeid med Sogndal BUP med samarbeidsmøte fire gonger i året.


## 2 Elevtalsprognosar

### 2.1 Prognoseføresetnader

Elevtalsframskrivingane er tufta på Statistisk sentralbyrå (SSB) sine modellar for høg vekst (HHMH) for perioden 2016 – 2030. Elevane er fordelt etter den gjennomsnittlege elevtalsutviklinga på kvar årssteg i dei siste seks åra. Gjennomsnittstalet vert samanhald med SSB sine tal for elevtalsutviklinga på kvar årssteg i perioden. Det inneber at den same prosentvise elevfordelinga i dei siste seks skuleåra for barnesteget dannar utgangspunkt for elevfordelinga av SSB sine framskrivingstal for kvar einskild skule.

#### *2.1.1 Samla folketalsutvikling – tre alternativ Statistisk Sentralbyra (SSB)*

Figuren under syner tre framskrivingsalternativ frå SSB - låg, middels og høg vekst. Det er valt å nytte høg vekst som framskrivingsalternativ (blå linje) i samband med elevtalsutviklinga i dette planarbeidet etter signal frå styringsgruppa.




Dette er eit optimistisk framskrivingsalternativ som krev at kommunen lukkast med fleire sentrale tiltak i omstillingsarbeidet. Auka tilflytting og positiv utvikling på arbeidsmarknaden vert tiltak som må få utteljing om dette alternativet skal vere gjeldande frametter.

Slik stoda er i dag, ligg kommunen opp till SSB sitt alternativ for middels vekst.

I perioden 2006 til 2011 fekk kommunen folketalsvekst og positiv utvikling.

## 2.2 Heile grunnskulen




Tufta på SSB sin framskrivingsmodell for høg vekst (HHMH), vert det stort sett stabil elevtalsutvikling mellom 230 – 250 elevar i framskrivingsperioden. Det vert ein liten nedgang av elevtalet mot slutten av perioden. Framskrivinga syner på ein liten elevtalsreduksjon på 15-20 elevar samla.

Grunnskulen i Lærdal har hatt eit elevtall langt over 300 elevar. Ved neste skuleår (2015/16), vil det vere eit elevtalsgrunnlag på om lag 250 elevar.

I 2030 tilseier elevtalsprognosane at kommunen har eit samla elevtal på 234 elevar eller driftsgrunnlag for å drifte ein kombinert 1-10 skule med 10 klassar. Einskilde år vil det vere grunnlag for deling av nokre årstrinn, slik at det truleg vert driftsgrunnlag for mellom 11 og 13 klassar.

## 2.3

## Lærdalsøyri skule (kombinert 1-10 skule med felles ungdomssteg for heile kommunen)




Lærdalsøyri skule kan forvente ein mindre samanhengande elevtnedgang i heile framskrivingsperioden. Elevtalet vert om lag 190 elevar fordelt på 10 årssteg i neste skuleår. Framskrivinga til SSB tilseier eit elevtal rundt 170 elevar i skuleåret 2029/30. Ei slik elevtalsutvikling inneber at skulen vert ein rein ein-parallel skule med grunnlag for skuledrift i 10 klassar.

På mellomlang og lang sikt vil skulen få årssteg langt under 20 elevar på barnesteget – brorparten av klassane har eit elevtalsgrunnlag som tilseier under 15 elevar på barnesteget.

Tradisjonelt har ungdomssteget ved Lærdalsøyri skule vore ein to-parallel skule med 6 klassar. På kort sikt er det elevtalsgrunnlag for drift av ein parallel på ungdomssteget i kommunen.

Framskrivinga syner delvis små klassar på barnesteget. Kommunen kan forvente årssteg som ligg mellom 10- 15 elevar.


## 2.4 Ljøsne skule (fådelt 1-7 skule)



Med bakgrunn i den gjennomsnittlege elevtalsutviklinga i dei siste 6 åra, vil skulen ha eit elevtalsgrunnlag mellom 40-50 elevar innover framskrivingsperioden. Skulen vert fådelt i heile perioden – med eit driftsgrunnlag i 4 klassar.

Skulen har historisk hatt eit elevtall over 50 elevar.

## 2.5

**Borgund skule (fådelt 1-7 skule)**

Borgund skule vert den minste skulen i Lærdal med eit elevtalsgrunnlag mellom 15- 20 elevar kvart år i framskrivingsperioden.

Det vil truleg vere fleire årssteg som ikkje har elevar i det heile – utover framskrivingsperioden.

Dette gjev driftsgrunnlag i 2 klassar.

# 3

## Analyse med kapasitetsvurderingar

Det føreligg ikkje eigne statlege arealkrav for skuleanlegg, slik som det f.eks. gjer for barnehagebygg. I ny rettleiar til forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular (Helsedirektoratet 2014) er det presisert størrelsen på innvendig areal i grunnskulalar og vidaregåande skular. Dette kapittelet og arealanalsane tek omsyn til føringane i den nye rettleiarene.

Vurdering av kor mange elevar og tilsette den enkelte skule har plass til, er i stor grad basert på lokalt skjønn og tek i hovudsak utgangspunkt i det gamle klassedelingstalet. I dette kapitlet er elevkapasiteten i grunnskulane, vurdert etter fastsette metodar, slik at alle skulane blir vurdert etter dei same kriteriene. Dette for å sikre en mest mulig likebehandling og lik areal- og kapasitetsvurdering.

I rettleiar til forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular står dette om areala inne:

**Undervisningsrom/Klasserom:** Ved beregning av maksimale elevtall i et undervisningsrom, bør det tas hensyn til hele læringsarealet som klassen/elevgruppen disponerer. Det må også tas hensyn til rommenes utforming, innhold og ventilasjonsforhold. Læringsarealet til en klasse/elevgruppe skal legges til rette for varierte arbeidsformer og tilhørende utstyr.

Når en klasse/elevgruppe disponerer tilleggsarealer (grupperom, formidlingsrom eller andre rom) i nærheten av klasserommet/hovedrommet, må klasserommet/hovedrommet planlegges etter en arealnorm på minimum 2 m<sup>2</sup> pr. elev. Så lenge inneklimaet er tilfredsstillende og aktiviteten i rommet er tilpasset, kan elevtallet i enkeltrom (som f.eks. formidlingsrom og auditorier) gjerne være høyere enn normen på 2 m<sup>2</sup> pr. elev tilsier. Dersom klassen/elevgruppen ikke disponerer tilleggsarealer i nærhet til klasserommet/hovedrommet, bør arealet være større, helst opp mot 2,5 m<sup>2</sup> pr. elev.

Areal for ansatte kommer i tillegg til arealnormen i avsnittet over.

**Spesialiserte læringsareal:** Spesialiserte læringsarealer er rom som er innredet med tanke på andre aktiviteter enn de det er lagt til rette for i klasserommet eller hovedrommet til en klasse eller elevgruppe, og som disponeres av flere klasser/elevgrupper. Eksempel på slike rom er rom til naturfag, musikk, kroppsøving, kunst og håndverk og mat og helse. I videregående skole vil spesialiserte læringsarealer også omfatte verksteder og spesialutstyrte rom for ulike utdanningsprogram.


Det kan ikke settes et bestemt arealkrav til slike rom fordi det vil variere etter hvilket utstyr og inventar som er nødvendig og hvilke aktiviteter som skal foregå.

Vurderingene av disse arealene må basere seg på om sikkerheten og krav til inneklima som luft, lys og akustikk er ivaretatt (jf. § 14).

<http://helsedirektoratet.no/publikasjoner/miljo-og-helse-i-skolen/Publikasjoner/IS-2073-Veileder.pdf>

Opplæringsloven hadde tidlegare regler for klassestørrelsar, men desse ble oppheva i 2003. I dag heiter det seg at «Klassene, basisgruppene og gruppene må ikke være større enn det som er pedagogisk og trygghetsmessig forsvarlig» (Opplæringsloven 8-2). Stortinget vedtok samtidig at «Klassedelingstallet skal ligge til grunn som minstenivå for ressurstildeling også etter at bestemmelsen om klassedelingstallet er opphevet» (Stortingsvedtak 2002/2003, Odelstingsprop.nr.67)

### 3.1 Borgund skule (1-7, fådelte)



Elevtal: 21	Klassetal: 2	Barn i SFO:
Pedagogisk tilsette: 5	Tilsette i SFO og assist.:	Leiing/merkantil: 1

Borgund skule ligg ved Steinklepp, omkring 28 km frå Lærdalsøyri. Skulen har elevar på 1.-7. årssteg, og elevane er organisert i to fådelte klassar, - ein klasse for 1.- 4. årstrinn og ein for 5.- 7. årstrinn.

Sjølve skulebygningen (markert med A på kartet over) var nyrenovert i 2002. Idrettsbygg (B) med gymsal og symjehall ligg like att med hovudbygget. Elevane nyttar uteområdet på nordsida av hovudbygget og aust for idrettsbygget i friminutta.

#### Generelt læringsareal

Skulen har 4 klasserom. 2 av desse romma ligg i andre etasje og blir nytta av 5.-7. trinn. Klasseromma i første etasje er noko mindre, og vert nytta av 1.-4. klasse. I eit av romma er det trapp opp til ein hems. Størrelsen på klasseromma varierer frå 34 til 65m<sup>2</sup>. Skulen har 5 grupperom, 2 i første etasje og 3 i andre etasje.

Over biblioteket har skulen eit datarom på omkring 35m<sup>2</sup>.

#### Elevgarderobar og toalett.

Elevane har garderobar i gangane utanfor klasseromma. Her har dei også tilgang på toalett.

#### Spesialiserte læringsareal

I underetasjen har skulen eit større areal sett av til undervisning i praktisk estetiske fag.

**Musikkrommet** er godt utstyrt med musikkinstrument som står utplassert i ein del av rommet. Her er også ledig golvplass slik at elevane kan drive med dans og rørsleaktivitetar utan å måtte ommøblere.

**Areal for mat og helse**, Skulekjøkkenet, ligg i den eine enden av eit større lokale. Den andre delen nyttast i hovudsak til undervisning i kunst og handverk, mye materialar. Ein skiljevegg kan trekkjast føre slik at romma kan delast ved behov. Skulekjøkkenet har to matstasjonar og eit bord for måltider og gruppearbeid.

**Kunst og handverk** går føre seg i det over nemnte arealet, og i ein mindre sløydsal vegg i vegg. Maskinrom og lager ligg i tilknyting til verkstadene. Rommet nyttast også for undervisning i **natur og miljøfag**.

**Gymsalen** ligg i eit eiga bygg. Her er det også apparatrom, styrkerom og reiskapsrom. Garderobeanelegget nyttast i sambruk med symjehallen som også ligg i dette idrettsbygget.

**Skulebiblioteket** ligg sentralt plassert i første etasje. Her er bøkene plassert i hyller langs veggane og i bokkassar på golvet. Eit studie-/gruppebord står tilgjengeleg for brukarane midt i rommet.

**SFO-basen** er lagt til Borgund barnehage. Denne ligg i gangavstand frå skulen.

**Personal- og administrasjonsareal** ligg samla i andre etasje. Lærarane har sine arbeidsplassar samla i eit felles arbeidsrom. Eit kombinert møte- og kopirom ligg mellom arbeidsrommet og personalrommet. Rektor sitt kontor ligg også i nærleiken av personalrommet.

WC for personalet er tilgjengeleg frå personalarealet.

**Uteområdet.** Skulen har eit fint opparbeidd uteområde på framsida av hovudbygget. Her er det montert fleire leikeapparat for dei yngste elevane. Ei gamme er også oppført i denne delen av uteområdet. Skulen har også fri tilgang til idrettsbana og arealet omkring.

## Elevkapasitet

Opplæringslova hadde tidlegare regler for klassestørrelsar. På barnesteget var grensa sett til 28. Med to årstrinn i klassen kunne ein ha 24 elevar, og med tre årstrinn i klassen kunne ein ha 18 elever. Reglene for klassedeling ble oppheva i 2003, men minimumstal på lærartimar tek framleis utgangspunkt i dei gamle klassedelingsreglane.

Dei fysiske rammene ved Borgund skule tilseier at skulen maksimalt kan har 4 klassar, men bruken av arealet kan endrast slik at ein får større klasserom og plass til fleire elevar. Når dei tidlegare klassedelingsreglane ligg til grunn, vil dei aldersblanda klassane ha eit tak på 24 elevar.

## Kapasitet ut frå netto generelt læringsareal

Borgund skule har eit samla netto læringsareal på  $433\text{ m}^2$ . Dette tilseier ein kapasitet på omkring 86 elevar, noko som vil gje 21-22 elevar pr. klasserom.

## Kapasitet ut frå klasseromma

Skulen har 4 klasserom, og desse varierer i størrelse mellom  $34 - 63\text{ m}^2$ , og summerer seg til  $180\text{m}^2$ . Tilgang på støtteareal/grupperom reknast som god, men små klasserom krev noko meir areal pr elev. Små klasserom fører og til at elevtalet ikkje kjem opp mot delingstalet i alle klassane.

Funksjonell klasseromkapasitet tilseier at skulen har plass til opp mot 80 elevar.

**Netto spesialisert læringsareal** summerer seg til  $233\text{m}^2$  (ekskl. idrettsbygget). Skulen har eit større areal i kunst og handverk enn nødvendig for å dekkje hovudfunksjonane, men noko av undervisninga i naturfag går også føre seg her. Det største rommet kan og nyttast til ulike samlingar for større elevgrupper.

Netto spesialisert læringsareal vurderast som stort nok til å kunne dekkje behova ved ei eventuell auke i elevtalet opp mot kapasitetsgrensa.

**Samla kapasitetsvurdering** tek utgangspunkt i klasseromkapasiteten og at skulen vert vidareført som fådelt skule med opp til 4 klasser.

**Funksjonell kapasitet for Borgund skule vurderast til omkring 75-80 elevar.**

## Oppsummering


Borgund skule		
	Areal	Antall rom
Samla bruttoareal	-	
Netto generelt læringsareal	433 m <sup>2</sup>	
Klasserom	180 m <sup>2</sup>	4 rom
Grupperom	123 m <sup>2</sup>	6 rom
Garderober og toalett	84 m <sup>2</sup>	8 rom
SFO	-	-
Andre generelle arealer (Fellesareal, baseareal, allrom etc.)	47 m <sup>2</sup>	2 rom
Netto spesialisert læringsareal	233 m <sup>2</sup>	
Mat og helse	24 m <sup>2</sup>	1 rom
Musikk	34 m <sup>2</sup>	1 rom
Naturfag	-	-
Kunst og håndverk	128 m <sup>2</sup>	5 rom
Bibliotek	47 m <sup>2</sup>	1 rom
Andre spesialareal	-	-
Nettoareal personalavdeling	92 m <sup>2</sup>	
Lærerarb.pl.	35 m <sup>2</sup>	
Kontor	-	
Forkontor	-	
Møterom	14 m <sup>2</sup>	
Personalrom	16 m <sup>2</sup>	
Personalgarderober/WC	5 m <sup>2</sup>	
Kopi og arkiv	14 m <sup>2</sup>	
Annet personalareal	7 m <sup>2</sup>	

Elevtalet har gått ned ved Borgund skule dei seinare åra, og skulen har kapasitet til å ta i mot langt fleire enn dei 21 elevane som hører til der inneverande skuleår.


Noko oppussingsarbeid er blitt gjennomført dei seinare åra, men teknisk stand synast likevel å vere varierande i dei ulike delane av anlegget. Smale gangar, manglende innvendig gjennomgang i første etasje og små elevgarderober gjer at skulebygget opplevast som mindre funksjonelt.

Med en organisering med 4 fådelte klassar, har skulen kapasitet til å kunne ta i mot rundt 80 elevar innanfor dagens fysiske rammer.

Borgund skule har ein kapasitet på 80 elevar. Skulen vil ha mykje ledig kapasitet i heile prognoseperioden.



### 3.2 Ljøsne skule (1-7, fådelt)



Elevtal: 49	Klassetal: 4	Barn i SFO:
Pedagogisk tilsette: 7	Tilsette i SFO og assist.:	Leiing/merkantil: 1

Ljøsne skule ligg ved Ljøsne i Lærdalen, omkring 12 km fra Lærdalsøyri. Skulen har elevar på 1.-7. årssteg, og elevane er organisert i fire fådelte klassar.

Hovudbygget (A) kan grovt sett delast i tre delar. Den eldste delen er frå 1955. Ein ny fløy vart tatt i bruk på 80-talet, og eit mindre tilbygg i samband med 6-årsreformen på midten av 90-talet. I tillegg ligg det eit gymbygg (B) attmed skulen.

#### Generelt læringsareal

Skulen har 7 klasserom. 4 av desse ligg i første etasje, og 3 ligg i andre etasje. Størrelsen på klasseromma varierer 35 til 66m<sup>2</sup>. Dei fleste klasseromma er rundt 43m<sup>2</sup>. Skulen har i tillegg 2 grupperom og eit mediatek med datamaskiner og skulebibliotek.

#### Elevgarderobar og toalett.

Elevane har garderobar i gangane utanfor klasseromma. Elevtoaletta er samla ved hovudinngangen til skulen. Inngang til desse er frå utsida av bygget. Innvendig har elevane tilgang til to handicap WC.

#### Spesialiserte læringsareal

Undervisningsareal for *kunst* og *handverk* og *mat* og *helse* ligg i underetasjen i den eldste delen av skulebygget.

**På skulekjøkkenet** er tre matstasjonar plassert langs den eine langveggen. Flyttbare avlastingsbord står ut på golvet frå kvar stasjon. Langs den andre langveggen står det fleire gruppebord som kan nyttast til måltider og til gruppearbeid. Langs veggane står det også fleire skap for oppbevaring av matvarer og utstyr.

**Kunst og handverksavdelinga** er delt i to rom, eit på kvar side av skulekjøkkenet. Ein tradisjonell sløydsal med tilhøyrande støtteareal ligg på den ene sida, medan tekstilrommet ligg på den andre sida.

**Naturfag.** Skulen har ikkje eige læringsareal for naturfag, men i 2.etasje har skulen ein flott naturfagsamling som nyttast i undervisninga.

**Kroppsøving.** Skulen har ein eigen gymsal som ligg like att med skulen (markert med B på kartet over). Sjølvे gymsalen har eit oppgitt areal på 198m<sup>2</sup>. I tillegg er her ei scene på 48m<sup>2</sup>, apparatrom og garderobeanlegg.

**Musikk.** Scenen i gymsalen nyttast som undervisningsareal i musikk. Her er det plassert ut ulike instrumentar som elevane nyttar i undervisninga. Samla belegg i gymsal og musikkscene er ikkje stort, og bruk av dei ulike funksjonane kjem difor ikkje i konflikt.

**Skulebiblioteket** ligg i første etasje i fløy mot nord. Biblioteket disponerer to rom som ligg vegg i vegg, med dobbel glassdør mellom romma. Det eine rommet var tidlegare folkebibliotek, og blir delvis nytta av skulen i dag. Frå det gamle folkebiblioteket er det direkte utgang til uteområdet.

Ein del av biblioteket vert nytta som datarom. Her er det mogleg å trekke for ein skiljevegg om ein vil dele av rommet. Bøker er plassert i hyller langs veger og ut på golvet. Bildebøker for dei yngste elevane er lett tilgjengeleg i bokboksar på golvet.

Nokre av bokhyllane frå folkebiblioteket står i dag unytta igjen i rommet.

**SFO-basen** ligg den nyaste delen av bygget. Arealet vert nytta i sambruk med 1.klasse. Frå SFO-basen er det lett tilgang til uteområdet, wc og garderobe for dei yngste elevane. Basen kan delast opp i fleire mindre rom ved å trekke ut foldeveggar. Arealet er innreia med mellom anna gruppebord, elevpultar, leikekrokar, sofakrok og kjøkken.

**Personal- og administrasjonsareal** ligg samla i andre etasje i fløy mot nord. Lærarane har sine arbeidsplassar samla i eit felles arbeidsrom. Frå arbeidsrommet er det direkte tilkomst til personal- og pauserom. Frå personalrommet er det inngang til eit mindre kopi- og rekvisitrom.

Garderobar og toalett for dei tilsette ligg ved inngangen til personalavdelinga. Det er eigne garderobar og toalett for menn og kvinner.

Eit kontor ligg også ved inngangen til personalavdelinga. Rektor sitt kontor har inngang frå forkontoret. Eit møterom er også tilgjengeleg i tilknyting til personalarealet.

**Uteområdet.** Skulen har eit stort opparbeidd uteområde fordelt på fleire ulike soner. På nordsida mot europavegen er det ein tradisjonell skulegard med leikeapparat og leikehus. Mellom hovudbygget og gymbygget er det ein handballbane med asfaltdekkje. Ved idrettsbanen har elevane mellom anna tilgang til ballbinge, sandvolleyballbane og ulike leikeapparat.

## Elevkapasitet

Opplæringslova hadde tidlegare regler for klassestørrelsar. På barnesteget var grensa sett til 28. Med to årstrinn i klassen kunne ein ha 24 elevar, og med tre årstrinn i klassen kunne ein ha 18 elever. Reglene for klassedeling ble oppheva i 2003, men minimumstal på lærartimar tek framleis utgangspunkt i dei gamle klassedelingsreglane.

Dei fysiske rammene ved Ljøsne skule tilseier at skulen kan fungere som fulldelt 1-7. Noko omdisponering av arealet kan gje skulen tilgang på større klasserom

### Kapasitet ut frå netto generelt læringsareal

Ljøsne skule har eit samla netto læringsareal på  $398\text{ m}^2$ . Klasseromma utgjer  $311\text{m}^2$  av arealet, og utover dette har skulen relativt lite areal til grupperom, garderobar og andre fellesareal. Netto generelt læringsareal med dagens arealdisponering tilseier ein kapasitet på omkring 80 elevar.

Dersom ein til omdisponerer bruk av areal for skulebibliotek med dei to minste klasseromma, vil netto generelt læringsareal auke til  $462\text{m}^2$ , og kapasiteten aukast til 92 elevar.

### Kapasitet ut frå klasseromma

Skulen har 7 klasserom, og desse varierer i størrelse mellom  $35,5 - 66,2\text{m}^2$ , og summerer seg til  $311\text{m}^2$ .

Med ei omdisponering av bibliotekarealet (som nemnt i avsnittet over), kan arealet aukast  $375\text{m}^2$ . Tilgang på støtteareal/grupperom er ikkje god, og delingstall 2,5 leggjast difor til grunn for kapasitetsvurderinga. Skulen får då ein kapasitet opp mot 150 elevar.

Den reell kapasitet vil vere noko lågare fordi fysisk utforming av dei tre største romma ikkje vil vere egnna til elevgrupper opp mot delingstalet.

**Netto spesialisert læringsareal** summerer seg til 319m<sup>2</sup> (ekskl. idrettsbygget).

Samla netto spesialisert læringsareal er større enn det Norconsult anbefaler for nye barneskular. For ein ny skule med ca. 100 elever (B100) vert det avsett ca. 260m<sup>2</sup> til netto spesialisert læringsareal. Skulen har eit større spesialisert læringsareal enn anbefalt, samtidig manglar skulen spesialisert areal for naturfag og musikk.

Netto spesialisert læringsareal vurderast som stort nok til å kunne dekkje behova ved ei eventuell auke i elevtalet opp mot kapasitetsgrensa. Dette vil ein kunne få til med omdisponering av eksisterande areal.

**Samla kapasitetsvurdering** tek utgangspunkt i klasseromkapasiteten og at skulen at skulen kan fungere som fulldekt 1-7. Elevkapasitet på klasserom må justerast noko ned som følgjer av manglende tilgang på grupperom/størreareal, garderober og toalett. Den fysiske utforminga av dei store klasseromma gjer også at arealet ikkje kan utnyttast fullt ut.


**Funksjonell kapasitet for Ljøsne skule vurderast til omkring 110-120 elevar.**

## Oppsummering

Dei ulike bygningsdelane i skuleanlegget er oppført til ulike tider, men bygga framstår samla som godt vedlikehalde. I deler av det eldste skulebygget er gangane smale, men med lågt elevtal fører ikkje dette til nemneverdige problem i skulekvardagen. Det ligg føre tilstandsvurdering av skulen. Denne påpeikar fleire kostnadskrevjande utbetringar.

Skulen har i dag 49 elevar, men skuleanlegget har kapasitet til å kunne ta i mot langt fleire.

Ljøsne skule		
	Areal	Antall rom
Samla bruttoareal	-	
Netto generelt læringsareal	398 m <sup>2</sup>	
Klasserom	311 m <sup>2</sup>	7 rom
Grupperom	49 m <sup>2</sup>	2 rom
Garderober og toalett	33 m <sup>2</sup>	8 rom
SFO	-	-
Andre generelle arealer (Fellesareal, baseareal, allrom etc.)	5 m <sup>2</sup>	1 rom
Netto spesialisert læringsareal	319 m <sup>2</sup>	
Mat og helse	63 m <sup>2</sup>	2 rom
Musikk	-	-
Naturfag	-	-
Kunst og håndverk	119 m <sup>2</sup>	4 rom
Bibliotek	137 m <sup>2</sup>	2 rom
Andre spesialareal	-	-
Nettoareal personalavdeling	151 m <sup>2</sup>	
Lærerarb.pl.	35 m <sup>2</sup>	
Kontor	17 m <sup>2</sup>	
Forkontor	27 m <sup>2</sup>	
Møterom	20 m <sup>2</sup>	
Personalrom	27 m <sup>2</sup>	
Personalgarderober/WC	17 m <sup>2</sup>	
Kopi og arkiv	7 m <sup>2</sup>	
Annet personalareal	-	



Ljøsne skule vil ha særstak mykje ledig skulekapasitet innover heile prognoseperioden. Skulen kan ha sju klassar og prognosane tilseier ei klassedrift som inneverande skuleår 2014/15 – med 4 klassar.

Skulebygningen er, som Borgund skule, dimensjonert for langt fleire elevar.

Skulebruksplanen vurderer at Ljøsne skule kan ta imot maksimalt 120 elevar.

### 3.3 Lærdalsøyri barne- og ungdomsskule (1-10)



Elevtal: 176	Klassetal: 12	Barn i SFO: 35
Pedagogisk tilsette: 25	Tilsette i SFO og assist.: 3	Leiing/merkantil: 3

Lærdalsøyri barne- og ungdomsskule ligg sentralt plassert på Lærdalsøyri, med idrettsanlegget som nærmeste nabo. Skulen har elevar på 1.-10. årssteg, og er sentralskule for ungdomssteget i kommunen. Skuleåret 2014/15 er det 176 elevar ved skulen.

Skulen sitt hovudbygg er frå 1969, og består av fire samanhengande fløyer. Folkebiblioteket, musikkrom og personal- og administrasjonsavdeling held til i Fløy A. I fløy B og C er det klasseromareal for ungdomssteget og mellomsteget, medan dei spesialiserte læringsareala ligg i fløy D. Idrettsbygget (E) blei tatt i bruk i 2006. I denne delen av skuleanlegget har 1.-4.årssteg sine klasserom. SFO-basen ligg også her.

Skulen har i dag 12 klasserom. Fleire av desse har fleksible vegglovsningar slik at dei kan opnast mot naborom. Skulen vart totalrehabilitert i 2012.

#### Generelt læringsareal

Skulen har 12 klasserom. Klasseromma er gjennomgåande store, og dei minste klasseromma kan opnast opp mot større naborom ved å trekke foldevegg mellom romma til side.

I idrettsbygget (E) er det 4 klasserom. Her held 1.-4. årstrinn til. SFO-basen ligg mellom to av klasseromma i 2. etasje. Det er eigen inngang til kvart av klasseromma, og garderobar med toalett ligg attmed klasseromma. Det er også grupperom i tilknyting til kvart klasserom.

I hovudbygget (D) har 10.årstrinn eit stort klasserom på 91,5m<sup>2</sup>. Trinnet har eigne garderobar og inngang frå uteområdet.

I fløy B er det 4 klasserom. To årssteg frå ungdomstrinnet held til her. Midt i bygget er det inngang til garderobar, toalett og to grupperom. På kvar side av garderobane er det 2 klasserom, og desse kan gjerast om til eit stort rom på 139m<sup>2</sup> ved å skyve til side foldeveggen mellom romma.

Mellomtrinnet (5.-7.trinn) har tre store klasserom i fløy C. Mellom dei to største klasseromma er det garderobar, elevtoalett og to grupperom. Frå garderobane er det direkte utgang til uteområdet. Eit av klasserommet har direkte tilgang til eit ekstra grupperom.

Det tredje klasserommet har eige inngang med garderobar og elevtoalett. Frå klasserommet er det direkte tilgang til eit grupperom.

#### Elevgarderobar og toalett.

Skulen har desentraliserte inn- og utgangar, og garderobar med toalett ligg ved inngangane. Det er også tilgang til handicap-WC frå alle garderobane. Det er i tillegg tilgang til eigne garderobar og toalett frå dei ulike spesialiserte læringsareala og frå fellesareal.

## Spesialiserte læringsareal

Dei spesialiserte læringsareala ei i stor grad samla i hovudbygget (D) som strekkjer seg på tvers av dei andre fløyene, og binder dei saman.

**Undervisningsareal for kunst og handverk** har ei sentral plassering midt i bygget. Avdelinga er delt i tre verkstader; tekstilforming, maleverkstad og sløydsal. I tillegg er det tilgang til lagerrom, maskinrom og keramikkrom frå verkstadene. Ein garasje på utsida av skulebygget fungerer som lager for materiell til tresløyden.

**Undervisningsareal for natur og miljøfag**, ligg att med sløydsalen. Lokalet er lyst og triveleg, og har ei innreiing som synast godt tilpassa føremålet. Frå naturfagsalen er det direkte tilgang til eit førebuingsrom.

**Skulekjøkkenet**, der undervisning i *mat og helse* går føre seg, har ein sone for matlaging og ein for teoriundervisning og måltider. Skulekjøkkenet har 4 elevstasjonar, med to komfyra pr. stasjon. Her er også ein eigen lærarstasjon. Utstyr og matvarer kan oppbevarast i skap langs veggane. Eit kjølerom ligg i tilknyting til skulekjøkkenet.

**Undervisningsareal for musikk** ligg sentralt i fløy A, med eigen inngang frå uteområdet. Det er også mogleg å ta seg fram innvendig ved å gå gjennom personalområdet i enden av fløy A. Musikkrommet er omkring 92m<sup>2</sup>. I tillegg er her tilgang på mindre øvingsrom og lager for oppbevaring av intrumenter og utstyr.

**Kroppsøving** er lagt til idrettshallen (E). Her har skulen tilgang på ein stor handballbane, og denne kan delast opp i 3 mindre banar ved å senke ned skiljeveggar frå taket. Frå idrettshallen er det direkte tilgang til garderobebeanlegg for brukarane. Her er også tilgang til apparat- og utstyrssrom.

Symjehallen som ligg i enden av hovudbygget og att med idrettshallen, blir også nytta av skulen i undervisninga. Det er eit eige garderobebeanlegg til symjehallen. Dette anlegget blei ikkje rusta opp saman med resten av skulen i 2012.

## Fellesareal

**Skulebibliotek.** Skulen har ikkje eige bibliotek, men nyttar i staden folkebiblioteket som har lokalar i enden av fløy A.

**SFO-basen** ligg i tilknyting til klasseromma i 2. etasje i idrettsbygget (E). Basen består av eit stort fellesrom og eit kjøkken. Basen kan delast i to ved å trekke ut ei skiljevegg. Elevane nyttar same garderobar og toalett på skule og SFO.

## Kantine/storstue

Arealet som var i bruk til kroppsøving tidlegare, er omgjort til kantine og storstue etter at skulen fekk ny idrettshall. Til dagleg nyttast arealet til kantine for dei eldste elevane. Arealet vert også nytta til større møter og skulesamlingar. Arealet kan utvidast ved å trekke foldeveggar mot vestibylen til side.

## Personal- og administrasjonsareal

Det pedagogiske personalet har sine arbeidsplassar lokalisert i tre felles arbeidsrom i ulike ender av skuleanlegget. Småtrinnet (1.-4.trinn) har både arbeidsplassar, garderobar, kopi- og rekvesitarom, møterom og pauserom i idrettsbygget, medan lærarane på mellomsteget og ungdomssteget har sine arbeidsplassar i fløy A og D. Desse ligg i nærleiken av administrasjonen, men med noko større avstand til klasseromma dei underviser i.

Skuleleiinga har sine kontor i 2. etasje i fløy A. I same etasje ligg personalrom, personalgarderobar og toalett, samt eit møterom.

## **Uteområdet.**

Skulen har eit stort og fint opparbeidd uteområde. Mellom fløyene i hovudbygget er det asfaltert skulegard. Her er det merka opp ulike leikeareal for paradis og liknande. I uteområdet har elevane tilgang til fleire leikesonar, scaterampe, volleyballbane, fotballbane med meir. Her er også ein ballbinge i uteområdet. Kunstgrasdekket er fjerna, men banen nyttast med grusdekke.

I økonomi-og handlingsplanen til kommunen, er det estimert investeringskostnader til vidare utbetring av uteområdet.

---

## **Elevkapasitet**

Opplæringslova hadde tidlegare regler for klassestørrelsar. På barnesteget var grensa sett til 28, medan grensa på ungdomstrinnet var 30. Reglene for klassedeling ble oppheva i 2003, men minimumstal på lærtimer tek framleis utgangspunkt i dei gamle klassedelingsreglane.

### **Kapasitet ut frå netto generelt læringsareal**

Lærdalsøyri barne- og ungdomsskule har eit samla netto læringsareal på  $1978\text{ m}^2$ . Klasseromma utgjer  $953\text{ m}^2$  av arealet, og utover dette har skulen relativt god kapasitet i høve til grupperom, garderober, toalett og andre fellesareal. Netto generelt læringsareal med dagens arealdisponering tilseier ein kapasitet på omkring 395 elevar.

### **Kapasitet ut frå klasseromma**

Skulen har 12 klasserom. Klasseromma varierer i størrelse mellom  $59,6 - 105\text{ m}^2$ , og summerer seg til  $953\text{ m}^2$ . Tilgang på støtteareal/grupperom reknast som god, og delingstall 2,5 leggjast difor til grunn for kapasitetsvurderinga. Skulen får då ein kapasitet opp mot 350 elevar.

Fleire klasserom har kapasitet til å ta fleire elevar enn det gamle delingstalet tilseier.

### **Netto spesialisert læringsareal** summerer seg til $630\text{ m}^2$ (ekskl. idrettsbygget og folkebiblioteket).

Samla netto spesialisert læringsareal er større enn det Norconsult anbefaler for nye kombinertskular. For ein ny skule med ca. 350 elevar (K350) vert det avsett ca.  $535\text{ m}^2$  til tilsvarende netto spesialisert læringsareal. Differansen skuldast i hovudsak eit stort læringsareal for kunst og handverk.

Skulen har gjennom sambruk god tilgang på både bibliotek og idrettsfasilitetar.

Skulen har god elevkapasitet i dei spesialiserte læringsareaala. Samla areal svarar til Norconsult si anbefaling for K400-skular.

### **Samla kapasitetsvurdering**

Lærdalsøyri barne- og ungdomsskule har gjennomgåande store og gode klasserom. Størrelsen på fleire av romma kan endrast ved å trekke til side skiljevegg mellom romma. Tilgang til støtteareal/grupperom reknast også som god, men når skulen vert drive opp mot 80 prosent av kapasitetsvurderinga under, vil skulen truleg ha knapt med delingsrom og tilgjengelege grupperom.

På ein annan side gjer den fastlagte soneinndelinga mellom hovudstega at det kan vere vanskeleg å utnytte ledig klasseromkapasitet frå det eine året til det andre. Ledig kapasitet på eit årstrinn, lar seg ikkje utnytte ved å fylle opp med elevar frå eit anna trinn. Delar av klasseromma som ungdomssteget disponerer i dag, kunne vore meir funksjonelle (rom med skiljevegg).

Fleire av dei store klasseromma har ei utforming som gjer at dei ikkje er egna for undervisning av elevgrupper større enn delingstalet.

**Samla kapasitetsvurdering** tek utgangspunkt i klasseromkapasiteten og at skulen kan fungere som fulldelt 1-10. Skulen vil ha kapasitet til å handtere at elevtalet går over delingstalet enkelte år. Det vert lagt til grunn at skulen kan ha 10 fulle klassar, med moglegheit for 2 parallelle på 2 til 3 årstrinn.

**Funksjonell kapasitet for Lærdalsøyri barne- og ungdomsskule vurderast til omkring 300 – 320.**

Dersom folkebiblioteket flyttast ut frå skulebygget, vil noko av dette arealet kunne nyttast til å utvide elev- og eller personalkapasiteten ved skulen.

## Oppsummering

Lærdalsøyri barne- og ungdomsskule		
	Areal	Antall rom
<b>Samla bruttoareal</b>	-	
Netto generelt læringsareal	1 974 m <sup>2</sup>	
Klasserom	953 m <sup>2</sup>	12 rom
Grupperom	182 m <sup>2</sup>	14 rom
Garderober og toalett	415 m <sup>2</sup>	41 rom
SFO	127 m <sup>2</sup>	2 rom
Andre generelle arealer (Fellesareal, baseareal, allrom etc.)	297 m <sup>2</sup>	3 rom
<b>Netto spesialisert læringsareal</b>	630 m <sup>2</sup>	
Mat og helse	114 m <sup>2</sup>	1 rom
Musikk	92 m <sup>2</sup>	1 rom
Naturfag	97 m <sup>2</sup>	2 rom
Kunst og håndverk	327 m <sup>2</sup>	5 rom
Bibliotek	-	-
Andre spesialareal	-	-
<b>Nettoareal personalavdeling</b>	385 m <sup>2</sup>	
Lærerarbeidsplass	119 m <sup>2</sup>	
Kontor	116 m <sup>2</sup>	
Forkontor	21 m <sup>2</sup>	
Møterom	9 m <sup>2</sup>	
Personalrom	70 m <sup>2</sup>	
Personalgarderober/WC	27 m <sup>2</sup>	
Kopi og arkiv	24 m <sup>2</sup>	
Annet personalareal	-	


Lærdalsøyri barne- og ungdomsskule framstår som eit moderne og fleksibelt skuleanlegg. Undervisningsarealet opplevast som lyse og trivelege, og det er kort avstand frå klasserom til grupperom og til desentraliserte garderobar med toalett.

Mellom fleire av dei sentrale funksjonane i anlegget er det derimot stor avstand. Avdeling for 1.-4. trinn og SFO-base ligg langt unna dei andre undervisningsarealet og administrasjonen. Skuleleiinga/administrasjonen er lokalisert langt unna fleire av undervisningsavdelingane og det er stor avstand mellom dei fleste lærararbeidsplassane og klasseromma.

Lærdalsøyri barne- og ungdomsskule har i dag 176 elevar, men skulen har god kapasitet til auke i elevtalet.


Lærdalsøyri skule vil ha mykje ledig skulekapasitet innover heile prognoseperioden. Skulen går på mange måtar for «halv maskin». Skulen er moderne med gode funksjonelle læringsareal.

Skulebruksplanen vurderer at skulen maksimalt kan ta imot 320 elevar fordelt på 12 klassar med 26-27 elevar i klassane.



## 3.4 Oppsummerande Kapasitetsvurdering av grunnskulane

### 3.4.1 Samla kapasitetsvurdering – heile kommunen



Lærdal kommune har tilgjengeleg skulekapasitet til ei elevmengde på over 500 elevar fordelt på tre skuleanlegg og 23 klasserom.

Kommunen har særstakt mykje ledig skulekapasitet. Skuleanlegga er overdimensjonerte i høve elevtalet dei skal tene.

Skulekapasiteten er av ulik bygningsmessig standard og med ulik pedagogisk funksjonalitet. Lærdalsøyri skule er oppgradert i dei seinare åra – og store delar av skuleanlegget fremstår som moderne med gode fysiske læringsmiljø.

Ljøsne skulen er det skuleanlegget som har størst trøng for utbetringar og modernisering. Også Borgund skule vil ha behov for vedlikehaldsoppgraderingar på sikt.

## 4 Sentrale moment i vurderinga av lokal skulestruktur

Val av skulestruktur er utelukkande ei lokalpolitisk avgjerd, og Lærdal kommune står fritt til å velje korleis den kommunale grunnskuletenesta skal innretta og organiserast i framtida.

Difor er det sentralt at handsaminga og prosessen rundt eit eventuelt vedtak om ny skulestruktur vert tufta på heilskapelege vurderingar av fordeler og ulemper med ulike alternativ og løysingar.

Med tre skular i kommunen – to små fådelte skular i grendene og ein kombinert skule med felles ungdomssteg for heile kommunen i sentrum – vert det få alternative løysingar for korleis kommunen kan organisera grunnskuletenestene.

Dette kapittelet prøver å kategorisere dei mest sentrale momenta/faktorane som bør vere styrande i det offentlege ordskiftet om lokal skulestruktur, slik at avgjerdstakarar enklare kan sortere og prioritere fordelane og ulempene.

Kva for moment og faktorar som skal vere dei mest styrande, og ha mest å seie for eit eventuelt val av skulestruktur, vert til sist ei samla subjektiv vurdering av momenta og faktorane. Difor tek dette kapittelet mål av seg å synleggjere dei fokusområda som er sentrale i val av lokaliseringar knytt til skulestad.

Det er vektlagt fem hovudfokus som bør drøftast og vurderast lokalt:

### 1. Plan-, behovs- og kapasitetsfokus:

Ein skulestruktur som samsvarar med dei langsiktige behova – og som er tilpassa dei langsiktige linene i kommuneplanen – og som samstundes «fyller opp» eventuell ledig skulekapasitet.

Kva vil utbetringane i vegnettet og lokal infrastruktur ha å seie for lokaliseringaval i framtida?

Kor viktig er skule for tilflytting og grunnlag for busetjing i Lærdalsdalen? Kva seier kommuneplanen?

### 2. Organisatorisk og pedagogisk fokus:

Ein skulestruktur som gjev gode og føremålstenlege fag- og elevmiljø.

Kor liten bør ein fådelt skule vere – før miljøet ved skulen vert for lite og sårbart?

Kan oppvekstsentermodell med barnehage og skule vere ei betre langsiktig organisering av dei minste skulane?

### 3. Økonomisk fokus:

Ein skulestruktur som er kostnadseffektiv og som samsvarar med den økonomiske røynda i kommunen. Det er ein klår samanheng mellom talet på skular, storleiken på skulane, tal klassar – og storleiken på kostnadane. Kostnadseffektiv drift inneber å fylle opp eksisterande skular i allereie etablerte klassar.

Er ein desentralisert og ein noko kostbar skulestruktur eit kvalitetstempel i seg sjølv – eller kan innsparingspotensialet ved drift i ein felles skule nyttast til andre og betre føremål lokalt?

#### **4. Bygningsmessig fokus:**

Ein skulestruktur bør søkje løysingar som sikrar likeverdige fysiske læringsmiljø. Det er difor i denne planen utarbeidd framlegg til arealnorm for skular i Lærdal. Likeins vil det vere naturleg å vurdere om skulebygg i dårleg teknisk og bygningsmessig tilstand bør fasast ut som skuleanlegg når det finst ledig kapasitet i kommunen.

Bygningsmessig drift i tre skuleanlegg som går for «halv maskin» gjev også meirkostnader innan forvaltning, drift og vedlikehald (FDV-kostnader) av skuleanlegga.

#### **5. Nær miljø- og folkehelsefokus:**

Skulane er sentrale samlingsstader som sikrar nærliek og identitet i sine grender. I denne planen er det alternativ som overfører elevane frå Ljøsne skule til Lærdalsøyri.

Kva for ulemper vil det ha å seie for denne grenda å miste nærskulen? Er det ei kopling mellom nærskule – bustadbygging og tilflytting? Vil ei eventuell avvikling av ei greneskule resultere i «forgubbing» og at Ljøsne mister attraktivitet? Vert skulereisa for einskilde elevar for lang? Kva konsekvensar har lange skulereiser på elevane si helse?

#### **4.1 Plan-, behovs- og kapasitetsfokus:**

Lokal skulestruktur dreier seg om korleis kommunen kan organisere sine grunnskuletenester på en mest mogleg effektiv og kvalitativ måte – til det beste for elevar og tilsette.

##### **Litt færre elevar og fleire eldre i Lærdal**

Borne- og elevtalsprognosane syner at elevtalet, sjølv med optimistisk prognose, gjev ein liten elevtalsnedgang og behov for mindre skulekapasitet på lang sikt. I prognosane er det teke høgde for stor bustadbygging i glandene, langt over historisk og faktisk utbygging. Dette gjev eit større gap mellom elevbehov og tilgjengeleg skulekapasitet. Lærdal kommune vil med vidareføring av dagens struktursituasjon ha særskilt mykje ledig skulekapasitet i framtida.

##### **Søkje løysingar som fyller opp ledig skulekapasitet**

Eitt av hovudføremåla med skulebruksplanar er å syte for at kommunen har ein skulekapasitet som er dimensjonert for dei framtidige behova. Stor elevtalsvekst kan resultere i kapasitetsutbygging, medan elevtalsnedgang resulterer i mykje ledig skulekapasitet og skuleanlegg som ikkje vert fullt utnytta. Skulekapasitet på feil stad er kostbart og lite føremålstenleg.

I Lærdal kommune er situasjonen slik at Lærdalsøyri skule har ledig kapasitet og plass til alle elevane frå Ljøsne og Borgund skular – gjennom heile prognoseperioden. Lærdalsøyri skule har vore gjennom ei omfattande ombygging og rehabilitering av skulen sine læringsareal – og framstår som ein moderne og eit funksjonelt skuleanlegg. Å fylle opp denne ledige kapasiteten inneberer at

tidlegare investeringar vert betre utnytta – og fleire elevar og lærarar får ta del i gode fysiske læringsmiljø.

### Kommuneplanens arealdel – kor vil elevane bu i framtida

Saman med areal- og kapasitetsberekingane utgjør elevtalsframskrivingane dei viktigaste faktorane som skildrar kommunen sine behov for skulekapasitet i grunnskulen. Dei to minste grendeskulane vil ha eit lågt elevtalsgrunnlag, sjølv med optimistiske prognosar. Utifrå ei overordna behovsvurdering – må kommunen ta stode til om dette er eit tilstrekkeleg behovsgrunnlag for å drifta to greneskular.

### Tilpassa langsiktige utviklingsliner i areal, bustad, arbeidsmarknad og transportutviklinga



Føreståande rullering av kommuneplanens samfunnsdel. Grunnskule og korleis desse er lokalisert kan verte tema i ein slik overordna plan.

Ny trase for E16 mellom Smedalsosen – Borlaug er under bygging. Frå Borlaug går vegen langs elva før han svingar inn gjennom Borlaugshagen og vidare i tunnel til Honingane.

Det er samstundes under planlegging ny trase på heile strekninga frå Tønjum til Stuvane. Ny veg skal gå langs elva frå Tønjum og krysse elva på ny bru ved Lunde. Frå Lunde blir vegen lagt i tunnel til Stuvane, der den nye traseen møter noverande veg.

I desse dagar vert det planlagt for tunell mellom Ljøsne og Tønjum, noko som gjev enno tryggare, kortare og raskare veg mellom Lærdalsøyri og Borgund.

Skulestrukturen må tilpassast dei langsiktige «linene» i kommuneplanen. Næringerstablering, bustadbygging, infrastruktur, kommunesenter, offentlige tenester, mv er viktige føresetnader og desse planprinsippa må særleg vektleggjast ved val av skulestad, lokalisering og dimensjonering av dei kommunale grunnskuletenestene.

Lærdal kommune bør vurdera skulestrukturen i eit langsiktig utviklingsperspektiv, tilpassa kommunens areal- og transportpolitikk. Eventuelle endringar i busetjingsmønster vil også vere eit moment som må takast med i strukturvurderingane. Prognosane i denne planen tek utgangspunkt i befolkningsutviklinga i skuleområda og fangar dermed opp denne dimensjonen.

Lærdal kommune satsar på omstilling og endringsarbeid. Det er von om at dette arbeidet gjev utteljing i form av auka tilflytting og utvikling av gode og spanande arbeidsplassar lokalt. Oppvekstmiljø vil vere sentralt tema i

Dagens skulestruktur vart etablert og bygt i ei tid då kommunikasjonane og teknologien hadde ein heilt annan standard og føresetnader. Det er sentralt at lokal skulestruktur og lokaliseringa av grunnskulane speglar føresetnadane i vegutbygginga og bruken av ny teknologi.

På dei tre folkemøta som vart gjennomførte i forkant av høyringa, kom det fram at skuleskyssen i stor del skjer på «gamlevegen» og tilførselsvegar fram til europavegen. I nokre strukturalternativ må einskilde elevar også kryssa E16 for å koma til bushaldeplass. Sjølv om europavegen vert utbetra, vil store delar av skuleskyssen skje på «gamlevegen» som hovudveg. Dette må takast med i vurderingane knytt til organiseringa av skuleskyssen i strukturalternativa seinare i plandokumentet.

## **4.2 Pedagogiske og organisatoriske fokus**

### ***Skulestorleik – kan ein skule vere for liten?***

Kva strukturløysning vil gje det beste grunnlaget for skulen som kunnskapsformidlar og lærande organisasjon, og kva vil vere den beste pedagogiske og organisatoriske løysningen for grunnskulen i Lærdal kommune på lang sikt?

Elevtalet på kommunenivå har gått ned frå 287 til 246 dei siste 5 åra. Størst har nedgangen vore på Lærdalsøyri skule. Her har talet gått frå 210 til 176 elevar i same periode. På Ljøsne skule har elevtalet lege stabilt rundt 50 elevar, medan det har svinga noko på Borgund. Her var det 27 elevar i 2010, 16 i 2012 og 21 ved skulestart 2014. Den store nedgangen her i 2012 skuldast at ungdomsskuleelevene blei flytta til Lærdalsøyri frå og med dette skuleåret.

Ved Borgund skule går det i år 21 elevar. På 1. årstrinn er det ingen elevar i år, medan det på dei andre trinna varierer mellom 2 til 6 elevar på årstrinna. Elevane er organisert i to klassar, ein for 2.-4. årstrinn og ein for 5.-7. årstrinn. På 4. og 6. trinn er det berre ei jente, medan det på 6. trinn berre er ein gut. Også på Ljøsne skule er elevtalet lågt på enkelte årstrinna, men her er det elevar på alle årstrinna.

Eit sentralt moment i vurderinga av skulestrukturen i Lærdal kommune, er vurderinga av kor små bygdeskulane bør og skal vere. Eit lite skulemiljø er meir sosialt og fagleg sårbart enn ved større skular, og det er difor sentralt å ha fokus på klassetilhøyr og inkludering av einskilde elevar. I store skular er det ofte enklare å finne vener med same interesser, alder og kjønn. På ein annan side kan større elevmiljø opplevast som mindre oversiktleg og utrygt for nokre elevar.

### **Litt om skulestorleikar i Noreg**

Det ligg pr. i dag ikkje føre forsking som direkte av påvise at kvaliteten i læringa er betre eller dårligare i små kontra store skular. Vurderinga av skulestørrelse, og kva som er «stort» og «lite», varierer sterkt frå land til land og frå region til region. Den offisielle statistikken over opplysningane om grunnskulen i Noreg (GSI) gjev ein peikepinn kva som vurderast som stort eller lite her til lands. Oversikten under viser samansettning av ulike skulestørrelsar, landet sett under eitt i skuleåret 2014/15:

Elevtall	Antall elever	% av elevene	Antall skoler	% av skolene
<b>0 - 14</b>	763	0,12 %	93	3,22 %
<b>15 - 99</b>	42 906	6,93 %	793	27,48 %
<b>100 - 299</b>	224 107	36,21 %	1 155	40,02 %
<b>300 - 449</b>	213 284	34,46 %	589	20,41 %
<b>450 - 599</b>	105 871	17,10 %	209	7,24 %
<b>600 - 749</b>	23 436	3,79 %	36	1,25 %
<b>750 - 899</b>	8 588	1,39 %	11	0,38 %
<b>Sum</b>	<b>618 955</b>	<b>100,00 %</b>	<b>2 886</b>	<b>100,00 %</b>

Skulestorleik				
<b>over 450</b>	137 895	22,28 %	256	8,87 %
<b>Under 10 elever</b>	318	0,05 %	55	1,91 %
<b>Under 5 elever</b>	34	0,01 %	13	0,45 %

60 prosent av elevane i Noreg går på skular med 100 – 450 elevar. 40 prosent av skulane har eit elevtal mellom 100-300 elevar og dette er den vanlegaste skulestorleiken.

Skular med 15-99 elevar utgjør 27,5 prosent av skulane i Noreg. Nær 7 prosent av elevane i Noreg går på skular som har storleik med 15-99 elevar.

Den nasjonale debatten om betydinga av skulestørrelse for kvaliteten i skulen blussar opp frå tid til annan, også i forskingsmiljøa. Thomas Nordahl (Høgskolen i Hedmark) presenterte i ein kartleggingsundersøking frå 2007 resultata om elevar i og frå små og store skular frå ein kommune:

Samandraget frå kartleggingsundersøkinga er attgjeve i si heilheit:

**"Sammendrag:** Denne rapporten bygger på en kartleggingsundersøkelse blant 9600 elever i grunnskolen. Her har vi analysert elever fra fire små bygdeskoler i en kommune og senere identifisert elever fra disse små skolene når de går på en større ungdomsskole der de kommer sammen med andre elever fra større barneskoler. I dataanalysene har vi sett på elevenes skolefaglige prestasjoner, sosiale ferdigheter, atferdsproblemer, relasjoner til medelever, relasjoner til lærere, arbeidsinnsats og opplevelse av undervisningen. **Resultatene viser at elever fra de små skolene skårer systematisk dårligere enn de øvrige elevene."**

Større skular, og større elev- og familjø kan ha fordeler innan:

- ❖ Auka robustheit, mindre sårbar og meir fleksibel.
- ❖ Felles og betre kompetanseutvikling
- ❖ Utvikle pedagogisk fagkompetanse

## Små skular er viktige i mindre bygder

Forsking frå Nordland (Solstad 2006) samt ein doktorgradsavhandling frå Høgskulen i Volda (Kvalsund 1995) konkluderer med at små skular er viktige sosiale arenaer i mindre bygdesamfunn fordi det er mange lokale aktivitetar knytt til skulen. Små skular i bygdesamfunn har potensialet i seg sjølv til å skape læringsaktivitetar som er godt forankra i lokalbefolkninga, lokal natur og lokalt næringsliv, og der igjennom tilpasse opplæringa på ein god måte.

Kvalsund dokumenterer i sin doktoravhandling frå 1995 rikdommen i mangfaldet av sosialisering ved små skuler, og pekte på fordelar i sosial læring. Til tross for ein generell tilfredsheit ved dei små skulane si evne til å bidra til elevane si sosialisering er det grunn til å vektlegge den sårbarheit som ligg i eit lite miljø. Ein finn einsame barn og vaksne både i tettbygde og i spredtbygde strok, men i tettbygde strok har ein som regel moglegheit for å finne ein erstatning dersom ein skulle kome i ein konfliktsituasjon med sitt etablerte miljø.

Det er grunn til å trekke opp et skilje mellom sosialt og fagleg miljø for både elevar og lærarar. Det er også vesentleg å understreke at ein stor skule ikkje automatisk gjev eit stort fagmiljø. Til dømes vil ein 1-10 skule med mindre enn 2 parallelle klassar på kvart steg ha eit relativt lite fagmiljø på ungdomsseget samanlikna med store ungdomsskular.

Skulehistorikar Alfred Oftedal Telhaug framhevar gjerne problema som oppstår når skulen er i eit lite miljø. I eit intervju med Vårt Land understreka han at dagens barn treng ein skule som kan vise eit allsidig omsorgsansvar, og at dette er mykje lettare å få til i eit større pedagogisk miljø (Sødal, 1996a). Få elevar ved ein skule og stor aldersforskjell mellom dei kan ikkje gje kvarandre tilstrekkelege sosiale utfordringar, og grendeskuleelevene blir difor i mindre grad rusta til å takle uoversiktlike sosiale situasjonar med mange aktørar. Telhaug eksemplifiserer dette ved at ein handfull elevar ikkje kan stable på beina eit fotballag, ein skulerevy eller eit blanda kor. Nye læreplaner stiller også store krav til fagkunnskap som er vanskelag for ein enkelt lærar å dekkje.

Frå 01.01.2014 vert det krevd 30 studiepoeng for å undervise i kjernefaga i barnetrinnet, og 60 i ungdomstrinnet for lærarar som er utdanna etter denne datoен. Det er no ute ei høyring fra departementet som foreslår å innskrjerpe dette kravet til å gjelde alle lærarar. For små skular, med lærarar som underviser i dei fleste fag, vert dette umogeleg å innfri.

Dåverande direktør i stiftelsen IMTEC, Per Dalin, peika på ein internasjonal studie som har konkludert med at det ideelle elevtalet ved ein skule er når rektor har mogelegheit for å lære fornamnet på alle elevane. Talet er berekna til ca. 300. Ein norsk undersøking har også konkludert med at trivselen var størst i klassar med ca. 20 elevar (Sødal, 1996b).

Dette eintydige negative biletet av dei små skulane i distrikta blir imøtegått og nyansert av dåverande Utdanningsdirektør i Nordland, Karl Jan Solstad, i ein artikkel i Norsk skoleblad. Solstad hevdar at Telhaug berre byggjer på "... privat tru og enkle formelle resonnement" (Solstad, 1997). Solstad peikar også til internasjonal forsking som konkluderer med at det ikkje er vesentlege skilnad i faglege prestasjonar ved store og små skular. Sjølv om man ved små skular ikkje har elitesongkor eller fotballag i fyrstedivisjon, syner all erfaring at deltakinga i sosiale aktivitetar er breiare ved dei små skulane.

I Sogn og Fjordane har ein oppsiktsvekkande gode faglege resultat på nasjonale målingar. Saman med Akershus og Oslo har fylket vårt lege på topp i ei årrekke. At tre fylke med så ulike skulestørleikar og skulestruktur ligg på topp på nasjonale prøver, er eit paradoks som det har vorte forska på dei siste par åra. Resultata viser at det er mange faktorar som spelar inn, men at skulestørleik i seg sjølv ikkje er avgjeraende.

I eit debattinnlegg i Norsk Skoleblad nr. 10/1997 peika Karl Jan Solstad på positive og negative sider ved fådelte skular slik:

«Men, sjølv sagt, dei aller minste skolane med 10-12 elevar eller mindre, er i og for seg ikkje ønskjelege, verken økonomisk, fagleg eller sosialt. Dei har sin legitimitet fordi alternativet er verre, nemleg urimeleg krevjande skyss eller innhysing heimanfrå».

Det finst inga forsking eller tilgjengelege nasjonale data som seier noko om samanhengen mellom skulestørrelse og samarbeid skule-heim. Med bakgrunn i forskinga finst det ikkje belegg for å seie at små bygdeskuler gjev betre mogleigheter for godt samspele mellom skule og lokalsamfunn, og for å integrere lokalsamfunnet i skulens læringsaktivitetar.

### **Oppvekstsenter / oppveksttun som løysing for fådelte skular**

Eit oppvekstsenter organiserer til vanleg barnehage og skule med felles leiing, kor målet er fellesskap og heilskapleg tenking rundt barnas kompetanse og vilkår.

Ein av fordelane med eit oppvekstsenter er at ein kan auke og redusere kapasiteten etter behov. Dette har vist seg å vera ein god og lønnsam måte å etablere barnehageplasser på, og samtidig betre bruken av det tilgjengelige skulearealet. Hovudmålet med oppvekstsentermodellen har vore å oppnå organisatorisk og pedagogisk vinning som:

- ❖ Heilskapleg oppvekstenking
- ❖ Pedagogisk nytenking
- ❖ Sambruk av lokale og uteområde
- ❖ Felles administrasjon og personale
- ❖ Organisasjonsutvikling
- ❖ Felles ressursutnytting når det gjeld kompetanse og økonomi

Forskinga som er gjennomført på dette feltet og erfaringar frå Trondheim tilseier at det ideelle talet på barn i barnehage er 60 til 80 barn, og der planløysinga er lagt til rette med fleksible areal. Barnehagar med denne storleiken stettar barnas behov, og er ein stimulerande arbeidsplass der personalet set barna i fokus.

Ved Borgund kan kommunen vurdere ei slik integrert driftsløysing. På folkemøta kom det framlegg om alternativ organisering og bruk av Borgund og Ljøsne skular som heilskaplege oppvekstsenter for sine nærmiljø.

Det er to variantar oppvekstcenterløysingar som kan vurderast:

1. Oppvekstsentermodell på Borgund – med barnehagedrift, skule og SFO i skuleanlegget med eventuell krinsgrensejustering av Borgund mot Ljøsne.
2. Etablere barnehage, 1-4 steget og SFO på Ljøsne. Då må delar av barnehagekapasiteten etablerast på Ljøsne og reduserast tilsvarende på Lærdalsøyri.

### **Fagmiljø, rekruttering og kompetanseutvikling**

Store pedagogiske fagmiljø vil ha føremoner innan samarbeid, kompetanseoverføring og rekruttering. Små pedagogiske einingar vil ikkje ha same føresetnader for organisasjonsutvikling, fleksibilitet og samarbeid på tvers. Kravet til fagspesialisering i skulen aukar. Ved små skular må fleire pedagogar kunne litt om mykje. I store pedagogiske miljø vil ein ha betre høve for fagleg fordjuping og oppfølging i alle fag.

### 4.3 Økonomisk fokus

Det er ein klår samanheng mellom størrelsen på skulane, talet på skular, talet på klassar, elevtalet i klassane – og storleiken på kostnadane. Store skular er rimelegare å drifta enn små skular fordi den samla kostnaden vert fordelt på fleire elevar. Slik er stoda også for Lærdal.

Skulestørleik er vesentlig fordi lærartettleiken er større på små skular enn på store skular. Det vil seie at sjølv om det er få elevar på eit klassetrinn er det likevel behov for ein lærar på klassetrinnet. Undersøkingar tyder på at det meste av «stordriftsfordelane» synast å vera uttømt når talet på elevar kjem over 300 (Falch m.fl., 2005)

I skulesamanheng har likeverdige driftsvilkår ofte vore kopla til innhaldet i undervisninga og lokaliseringssstad – framfor fokus på tilgjengelege funksjonar i skulebygg, lærartettleik og den pedagogiske gruppесamansetjinga. Det er fullt ut mogleg å sjå føre seg at likeverdige driftsvilkår også kan koplast til lærartettleik og tilgjengelege funksjonar – og slik verte ein premiss i det vidare lokale strukturarbeidet.

Det er Lærdalsøyri skule som bidreg til kostnadseffektiv grunnskuledrift ved at lærarane her underviser fleire elevar enn lærarane ved Ljøsne og Borgund. Dersom høg lærartettleik er eit gode i seg sjølv, er denne goden ulikt fordelt i Lærdal. Då er det elevane ved Ljøsne og Borgund som får den største utteljinga i høve tal lærar pr. elev. I all kommunal tenesteproduksjon er målet om like og rettvise tenester til innbyggjarane ei rettesnor for tenesteutviklinga

Når elevtalet på ein skule har stor tyding for ressursbruken på skulen, er skulestrukturen viktig for kommunens utgifter. Skulestrukturen er ein lokal politisk avgjerd og ikkje åleine bestemt av forhold som kommunane sjølv ikkje kan påverke. Kommunar med spreidd busetjing, store landareal og lange avstandar har eit vanskelegare utgangspunkt for å organisere ein meir sentralisert og kostnadseffektiv skulestruktur enn kommunar med mange innbyggjarar og små avstandar.

Ein desentralisert skulestruktur gjev auka netto kostnader samla sett og per elev i høve ein skulestruktur med færre skular. Ein samanstilling av KOSTRA-tal for brutto driftskostnader i kommunane syner ein tendens til at kompakte og folketette kommunar har eit lågare kostnadsnivå pr. innbyggjar og samstundes fleire elevar pr. skule. Dette stadfester at demografi og geografi verkar inn på kostnadsnivået og høve til å organisere skuleverksemda i store einingar.

KOSTNADSOVERSIKT Grunnskoler i (Skoleåret 2014/15)	Undervisning NETTO	Antall elev grupper / klasser	Antall elever	Kostnad pr. gruppe NETTO	Netto kostnad pr. elev	Gj. snitt klasse størrelse	SFO netto	Forvaltning, drift, vedlikehold netto	Skyss netto
Ljøsne skule	5 291 000	4	49	1 322 750	107 980	12,3	284 000	768 000	190 000
Borgund skule	3 341 000	2	21	1 670 500	159 095	10,5	6 000	1 057 800	55 000
Lærdalsøyri skule	16 281 000	12	176	1 356 750	92 506	14,7	167 000	3 175 000	400 000
Sum Ljøsne og Borgund	kr 8 632 000	6	70	kr 1 438 667	kr 123 314	11,7	kr 290 000	kr 1 825 800	kr 245 000
Sum Lærdalsøyri skule	kr 16 281 000	12	176	kr 1 356 750	kr 92 506	14,7	kr 167 000	kr 3 175 000	kr 400 000
<b>Sum grunnskolesektor</b>	<b>kr 24 913 000</b>	<b>18</b>	<b>246</b>	<b>kr 1 384 056</b>	<b>kr 101 272</b>	<b>13,7</b>	<b>kr 457 000</b>	<b>kr 5 000 800</b>	<b>kr 645 000</b>

Lærdal kommune nyttar nær kr. 25 mill. på å drifta 18 skuleklassar i 2015. Dette gjev ein gjennomsnittskostnad pr. klasse på kr. 1,38 mill. Ved Lærdalsøyri skule er drifta av ungdomstrinnet medrekna i talgrunnlaget. Drift av klassar på ungdomssteget er meir kostbare enn drift av klassar på barnesteget. Gjennomsnittskostnaden pr. elev ligger på kr. 101 000 for heile grunnskulen i Lærdal. Dette er noko høgt i høve rammeoverføringa som kommunen får i statleg tilskot pr. elev. Det inneberer at kommunen må «sponsa» skuledrifta med andre inntekter.

Ikkje uventa er det den minste skulen, som har høgst kostnad pr. elev. Ved Borgund skule er kostnaden kr. 159 000 pr. elev, ved Ljøsne skule er den noko mindre; kr.108 000 pr. elev. Lærdalsøyri skule har den lågaste elevkostnaden med kr. 92 500 pr. elev.

Gjennomsnittskostnaden ved dei fådelte skulane er over kr. 123 000 pr. elev. Ved Lærdalsøyri skule er gjennomsnittskostnaden (inkl. ungdomssteget) ca. kr. 31 000 mindre pr. elev, samanlikna med dei fådelte skulane.

Gjennomsnittlig klassestørrelse er 13,7 elevar pr. klasse. Dette talet tilseier at klassestorleikane er små og at dei fleste klassane i grunnskulen jamt over har plass til fleire elevar.

4.3.1

### **Opplæringslovens § 8-2 presiserer at:**

*«I opplæringa skal elevane delast i klassar eller basisgrupper som skal vareta deira behov for sosialt tilhør. For delar av opplæringa kan elevane delast i andre grupper etter behov. Til vanleg skal organiseringa ikkje skje etter fagleg nivå, kjønn eller etnisk tilhør. Klassane, basisgruppene og gruppene må ikkje vere større enn det som er pedagogisk og tryggleiksmessig forsvarleg.*

*Klassen eller basisgruppa skal ha ein eller fleire lærarar (kontaktlærarar) som har særleg ansvar for dei praktiske, administrative og sosialpedagogiske gjeremåla som gjeld klassen eller basisgruppa og dei elevane som er der, mellom anna kontakten med heimen.»*

I departementets merknad til den «nye» paragrafen heiter det at skulane sjølv, og innafor skuleeigaren sine rammer, har høve til å vedta korleis opplæringa skal organiserast inklusiv om det skal vere faste elevgrupper og storleiken på klassane/gruppene.

Delingstallet er såleis teken ut av opplæringslova. Brorparten av kommunane praktiserer framleis ei ressurstildeling tufta på dei gamle delingstala.

Dersom Lærdal kommune ynskjer å gjera monalege innsparingar i skuledrifta, kan dette berre gjerast gjennom strukturelle grep og endringar ved å utvide inntaksområdet til Lærdalsøyri skule.

### **Færre elevar – gjev reduserte statlege inntekter**

Det er og slik at kommunar med elevtalsnedgang får mindre statlege overføringer / inntekter som følgje av stadig færre elevar. Dersom kostnadane er konstante eller gradvis aukar som følgje av lønsvekst, pensjonar, mv – må kommunen finansiera grunnskuledrifta med andre inntekter. Når kostnadane aukar og inntektene vert redusert – må kommunen kompensera drifta med inntekter frå andre føremål.

Til dømes vil ein eventuell elevtalsnedgang på 20-50 elevar i skuleåret 2029/30 gjev eit inntektstap for kommunen på mellom kr. 2 - 5 mill. (2015 kroner) – samstundes som driftskostnadane er rimeleg konstante. Dette gjev i realitetten eit netto tap på mellom kr. 2 - 5 mill. for kommunen.

## **Lite kostnader til vedlikehald (FDV) av skulebygga**

Dei tre grunnskulane nyttar i gjennomsnitt kr. 520 pr. m<sup>2</sup> BTA i forvaltning, drift og vedlikehald (FDV) av dei tre skuleanlegga inklusiv idrettshallen. Dette er eit lågt tal og burde ha vore over kr. 750 pr. m<sup>2</sup> BTA. Dette indikerer at det er særslite / inga innsparingspotensial på teknisk drift innafor dagens bygningsmasse. Lærdal kommune drifter om lag 10 400 (inkl. idrettshallen) m<sup>2</sup> BTA skuleanlegg i dag til ein kostnad av kr. 5,4 mill. Det er plass til alle elevane ved Lærdalsøyri skule. Kun drift av Lærdalsøyri skule ville gjeve ei teoretisk innsparing på kr. 1,8 mill pr. år i FDV-kostnadene.

### **4.4 Bygningsmessig fokus**

Skulebruksplaner er opptekne av kapasitet og læringsmiljø. Gode fysiske læringsmiljø er sentrale faktorar om kommunen skal legge til rette for å utvikla ein god skole med føremålstenlege areal – både inne og ute.

I dag er det varierande bygningsmessig utforming og kvalitet på skuleanlegga i Lærdal. Eit viktig moment som må drøftast i samband med eventuelle strukturelle endringar lokalt, er den einskilde skule sin bygningsmessige standard og kvalitet. Kommunen må vurdere om skuleanlegg med dårlig teknisk kvalitet og standard skal videreførast som pedagogiske verksemder i framtida.

Denne planen syner at det særleg dei minste skulane som har behov for omfattande investeringar for å verte gode funksjonelle skuleanlegg. Ljøsne skule er den skulen som på noverande tidspunkt har størst trøng for utbetring og rehabilitering. Samstundes er det i dag plass til desse elevane ved Lærdalsøyri skule kor kommunen har gjort store investeringar for å sikre gode fysiske læringsmiljø for elevar og lærarar.

Dette er pengar som allereie er investert, og ei overføring av elevane til Lærdalsøyri inneberer at kommunen slepp å investera i bygningsmessige ombyggingar og oppgraderingar.

Skuleanlegga bør sikra samsvar mellom bygg og pedagogiske læringskrav. I Læreplanen er det opna for metodefridom for lærarane i arbeidet med å nå kompetanse måla i dei ulike faga. Dette stiller krav til at skulane må leggja til rette for varierte arbeidsmåtar som skal gje elevane erfaringar med praktiske og skapande aktivitetar og oppgåver. Arbeidsmetodane skal bidra til heilskap og samanheng i opplæringa og ha høgt fokus på å nå dei kompetanse måla som er nedfelt i læreplanen. Å tileigna seg kunnskap gjennom øvingar, praksis, eksperiment, opplevingar, individuelt og i grupper utfordrar skulebygget og stiller krav til lærarar som skal ta skulebygget i bruk. Elevane skal få innføring i og erfaring med varierte vitskaplege, kunstneriske og praktiske arbeidsmåtar. Ser ein dette i lys av ein auka kunnskapsfokusering, vil kravet til kvaliteten i kva som vert tilbydd elevane vera høg. Dette gjeld både kompetanse hos lærarane og kva for kva utstyr skulen blir tilrettelagt for.

### **Kva for skuleanlegg bør videreførast i framtida?**

Lærdal kommune må vurdere kva for bygg som er tenlege for notida og framtida sine pedagogiske krav. Lærdalsøyri barne- og ungdomsskule er døme på eit funksjonelt skuleanlegg tilpassa krava i Kunnskapsløftet, både for elevar og lærarar.

Ljøsne skule og Borgund skule har ikkje same tilgang på spesialisert fagareal og utstyr, og framstår som meir tradisjonelle klasseromskular. Grunna lågt elevtal fungerer skulebygga likevel tilfredsstillande i høve til pedagogisk funksjonalitet.

## Samsvar mellom bygg og pedagogikk

I Læreplanen er det opna for metodefridom for lærarane i arbeidet med å nå kompetansemåla i dei ulike faga. Dette stiller krav til at skulane må leggja til rette for varierte arbeidsmåtar som skal gje elevane erfaringar med praktiske og skapande aktivitetar og oppgåver. Arbeidsmetodane skal bidra til heilskap og samanheng i opplæringa og ha høgt fokus på å nå dei kompetansemåla som er nedfelt i læreplanen. Å tileigna seg kunnskap gjennom øvingar, praksis, eksperiment, opplevingar, individuelt og i grupper utfordrar skulebygget og stiller krav til lærarar som skal ta skulebygget i bruk. Elevane skal få innføring i og erfaring med varierte vitskaplege, kunstariske og praktiske arbeidsmåtar. Ser ein dette i lys av ein auka kunnskapsfokusering, vil kravet til kvaliteten i kva som vert tilbydd elevane vera høg. Dette gjeld både kompetanse hos lærarane og kva for kva utstyr skulen blir tilrettelagt for.

## Skulen sitt uteareal

Sosial og helsedirektoratet gav i november 2003 ut rapporten "Skulens utearealer. Om behovet for arealnormer og virkemidler". Rapporten tok i utgangspunkt i barn sitt behov for fysisk aktivitet og innehold ei mengd forslag til normer for uteområde ved skulane. Innhaldet i rapporten er ikkje gjort gjeldande som normsetjande for skulebygging.

I samband med ny rettleiar (2014) til forskrift om Miljøretta helsevern, vert desse tilrådingane stadfestaa.

Dei tilrådde retningslinene for storleik og utforming av uteområdet er:

Minimumskrav på 50 m<sup>2</sup> netto uteareal per elev.

- Minimumsareal ved små skoler (færre enn 100 elever): ca. 5000 m<sup>2</sup>
- Minimumsareal ved middels store skoler (mellan 100 og 300 elever): ca. 10 000 m<sup>2</sup>
- **Minimumsareal ved store skoler (flere enn 300 elever): ca. 15 000 m<sup>2</sup>. For hver elev over 300 kommer et tillegg på 25 m<sup>2</sup>.**

Skolens utearealer - Om behovet for arealnormer og virkemidler  
Sosial- og helsedirektoratet

Kravene skiller mellom eksisterende og nye skoleanlegg:

- For nye skoleanlegg må minstekravene være tilfredsstilt, og arealene skal være samlet innenfor skolens uteareal.
- For eksisterende skoler med små arealer må minstekravene tilfredsstilles innenfor 200 m fra skolebygningen. Kommunen må sørge for at aktuelle offentlig tilgjengelige arealer i skolenes nærmiljø sikres gjennom arealplanleggingen, ved oppkjøp av arealer, ved leieavtaler og lignende. Kommunen må først og fremst sørge for at slike arealer avsettes i oversiktsplanleggingen som friområder eller friluftsområder etter plan- og bygningsloven.

Skolens utearealer - Om behovet for arealnormer og virkemidler  
Sosial- og helsedirektoratet

Like viktig som arealet, er sjølve utforminga og tilboda i eksisterande uteareal. Kvaliteten på uteområda er heilt sentral om uteareala skal nyttast til ulike føremål. I Handlingsplanen til kommunen er det tilrådd investeringsmidlar for å utbetra uteområda ved Lærdalsøyri skule.

### **Vedlikehald og vedlikehaldsetterslep – store skippertak gjev ofte kostbare løysingar**

I Lærdal kommune skil særleg Ljøsne skule seg ut med låg teknisk tilstand og med behov for rehabilitering. Borgund skule vil på sikt ha trøng for innvendige og utvendige utbetringer.

Noko av føremålet med ein skulestrukturplan kan vere å definere kva for kvalitet kommunen ynskjer å tilby innan skulesektoren. Dette kvalitetsomgrepene er i fyrste rekke mynta på pedagogisk funksjonalitet, utforming av læringsareal og arealnorm.

Opplevd kvalitet for elevar og lærarar omfatter også bygningsteknisk tilstand for skuleanlegga og uteområda. Det kan difor vere føremålstenleg å fokusere på skulevedlikehaldet. Generelt er anlegga i Lærdal av varierande kvalitet – og det er særleg behov for oppgradering av dei to minste skulane som har eit vedlikehaldsetterslep.

Vedlikehaldet av skuleanlegga kan innehalde fleire element, men hovudfokuset er gjerne tufta på desse fire stikkorda:


- ❖ Vedlikehaldsbudsjett / m<sup>2</sup> BTA
- ❖ Responstid ved hærverk, tagging og skader
- ❖ Bygningsdrift teknisk
- ❖ Bygningsdrift organisatorisk

I dei seinare åra har det vore eit aukande fokus på vedlikehald av skular. Dårleg vedlikehald får negative konsekvensar for elevane sitt læringsutbytte. I Peter Barretts sluttrapport frå HEAD-prosjektet (OECD 2015) syner ein av hovudkonklusjonane at fysisk læringsmiljø kan forklare 16 prosent av variasjonane i elevprestasjonane (<http://dx.doi.org/10.1016/j.buildenv.2015.02.013>). For Lærdal kommune er det difor sentralt å halde vedlikehaldet på eit nivå som sikrar at skuleanlegga er mest mogleg optimale for dagens bruk.

Definisjonen av vedlikehald er å oppretthalde den standard bygget eller ein bygningsdel hadde, då den var ny. Ved utskiftingar og erstatningar er naudsynt å gjere desse endringane i tråd med dagens standard.

Vedlikehaldskostnadane for eit bygg varierer over tid. Ulike bygningsdelar har ulik levetid og ulik kostnad. Når levetida er nådd, må det gjerast utskiftingar som ofte er kostbare – og som samstundes kan påføra bygget følgjekostnadar i andre bygningsdeler.

Forsømt vedlikehald kan i verste fall føre til at heile bygg må fornyast. Då må kostnadane flyttast frå driftsbudsjettet (FDV) til investeringsbudsjettet (rehabilitering). Etter kommunelova kan ikkje driftskostnader takast over investeringsbudsjettet. Ulike kostnader på ulike nivå for vedlikehaldsarbeidet er forsøkt illustrert i figuren under.



Figuren syner at dersom vedlikehaldet ikkje vert ivaretake, vil verdien på bygga gradvis reduserast – fram til forfallet er kome så langt at det må gjennomførast større og lånefinansierte investeringar. Dette reduserer kommunen sine høve til andre nyinvesteringar og aukar samstundes finanskostandene til kommunen.

For kommunen som offentleg bygg- og eigedomsforvaltar er det difor sentralt å ha eit tilstrekkeleg vedlikehaldsbudsjet. Oppdaterte og gode vedlikehaldsplanaar som gjev oversikt over komande store vedlikehaldsbehov, vil vere med å sikre effektiv ressursbruk av vedlikehaldsmidlane.

### Fysisk likeverdige læringsmiljø for elevane

Skulebruksplaner er opptekne av kapasitet og læringsmiljø. Gode fysiske læringsmiljø er sentrale faktorar om kommunen skal leggje til rette for å utvikla ein god skole med føremålstenlege areal – både inne og ute.

I dag er det varierande bygningsmessig utforming og kvalitet på skuleanlegga i Lærdal. Eit viktig moment som må drøftast i samband med eventuelle strukturelle endringar lokalt, er den einskilde skule sin bygningsmessige standard og kvalitet. Kommunen må vurdere om skuleanlegg med dårlig teknisk kvalitet og standard, kombinert med låg pedagogisk funksjonalitet, skal videreførast som pedagogiske verksemder i framtida. I areal- og kapasitetsanalysen tidlegare i planen, kjem det fram at hovudinntrykket er at alle dei tre skuleanlegga gjennomgåande opplevast som funksjonelle anlegg, tilpassa dagens behov og dagens elevtal, men planen syner at særleg Ljøsne skule har behov for omfattande investeringar for å verte eit godt funksjonelt skuleanlegg. Samstundes er det i dag plass til elevane frå Ljøsne ved Lærdalsøyri skule, kor kommunen har gjort store investeringar for å sikre gode fysiske læringsmiljø for elevar og lærarar.

## 4.5 Nærmiljø- og folkehelsefokus

### Skulane som kommunen sin forlenga arm i lokalsamfunnet

Sosial nærliek til lokalsamfunnet vert ofte vurdert som ein sentral føresetnad for ein inkluderande skule. Skulane er eit samlingspunkt og fysisk base for aktivitetar i nærmiljøa – også utanom skuletida. Skulane er difor sentrale institusjonar i lokalmiljøa.

Mange har eit nært og personleg forhold til skulen – og mange opplever skulen som eit symbol på kontinuitet og som ei positiv kraft i krinsen uavhengig av elevtalsutviklinga. Det er som oftast dei minste skulane som er mest utsett i samband med eventuelle endringar av skulane sine inntaksområder.

Skulane er samstundes offentlege arbeidsplassar som er med på å tilføre aktivitet og attraktivitet til dei stadane skulane er etablert. Strukturløysingar som inneberer at skulen vert føreslege lagt ned, vert difor opplevd som utelukkande negativt for nærmiljøa – sjølv om elevane vert overført til skular av ein mykje høgare fysisk bygningsmessig kvalitet og standard.

Ein skule åleine kan ikkje sikre berekraftig utvikling av dei einskilde nærmiljøa eller rendene. Dei kommunale tenestene bør som hovudregel utviklast der kor behova er størst.

Skulane er sentrale institusjonar i sine lokal- og nærmiljø. Sosial nærliek til lokalsamfunnet vert av mange vurdert som kvalitetsindikatorar for ein inkluderande skule. Skulane er ofte eit samlingspunkt og fysisk base for sosiale aktivitetar i nærmiljøa – også utanom skuletida. Skuleanlegga kan difor vera sentrale institusjonar i lokalmiljøa.

Samstundes representerer skuleanlegga ei kommunal fyrstelineteneste og ein offentleg arbeidsplass, som er med på å gje attraktivitet og identitet i rendene. Strukturalternativ som tilrår skulenedlegging, vert difor opplevd som einsidig negativt av majoriteten av nærmiljøet.

Mange har eit nært og personleg forhold til skulen og opplever skulen som eit symbol på kontinuitet og som ei positiv kraft i krinsen – uavhengig av elevtalsutviklinga. Mange innbyggjarar har ein sterkt identitet knytt til bygda, der skulen er samlingsstad for lokale lag og organisasjonar. Det er difor viktig at ei eventuell strukturendring tek omsyn til dei funksjonane skuleanlegget har i bygda forutan å vera skule. Ein skule kan ikkje aleine sikre bærekraftig utvikling av det enkelte lokalsamfunn. Tap av arbeidsplassar og fråflytting skjer uavhengig av den kommunale skuledrifta. Det er summen av offentlege og private nærings- og samfunnsstrategiar som er hovudgrunnlaget for å etablera livskraftige lokalsamfunn.

### **Aldersblanding som læringssystem**

Anita Berg-Olsen (Høgskolen i Nesna) har studert tre små aldersblanda skular for å synleggjera korleis aldersblanding fungerer og praktiserast som læringsstrategi og læringsverksemd. Resultata frå casestudien syner at i små skular fungerer eit naturleg læringsfellesskap gjennom varierte relasjoner og læringsformer i spesifikke læringssituasjonar. Aldersblanding vert meir eit læringssystem enn ein konkret arbeidsmetode.

I små skulemiljø er det moglegheiter for heilskapleg læring og identitetsutvikling (Anita Berg-Olsen si dr.gradsavhandling). Det er pedagogiske fordelar med ulike alderssteg i same gruppe: "Dei eldste elevane får prøve det å vere ressurspersonen og oppnår auke i sjølvmedvit og personleg tryggleik. Dei får fagleg repetisjon ved å undervise andre, stille spørsmål og gjennomgå for dei yngste, som på si side får ein "lærar" som ligg nær dei i alder og er lett å identifisere seg med." (S. 45 i Nærmiljøpedagogikk, red.: Kristoffer Melheim, 2009).

**«Gangs menneske» i alle skulestørleikar – læraren er truleg viktigaste faktor for kvaliteten**

Det finst ikkje signifikante forskingsresultat som tilseier at små skolar er dårlegare enn store. Dei er minst like gode som større skolar, konkluderer Karl Jan Solstad frå Nordlandsforskning. Det er ikkje forskingsmessig belegg for å hevde at den faglege kvaliteten er betre i større skular.

Det forskinga syner er at «den gode læraren» er sentral for læringskvaliteten. Kompetansen og kvaliteten på lærarane er avgjerande for læringsmiljøet til den einskilde skule – uavhengig av skulestorleik.

Siv Stavem (Høyskolen i Nesna, Nordland – tilsvare i ei lokalavis)

*«Når det gjelder det faglige tilbuddet ved små skoler, er det lite entydige resultater å vise til. De små skolene synes ikke å ha dårligere læringsresultater, men heller ikke bedre læringsresultater enn de store skolene. Ulike forskningsresultater viser kun marginale forskjeller mellom store og små skoler, og forskjellene er tidvis til fordel for de store, og tidvis til fordel for de små skolene.»*

*Når det gjelder det sosiale tilbuddet er det heller ikke her klare og entydige resultater å vise til. Barnets sosiale utvikling er sammensatt av så mange faktorer at det kan være vanskelig å vurdere hva som er den beste løsningen. Ved små skoler ligger det bedre til rette for variert samspill mellom barn i ulike aldre enn det gjør ved store skoler. Dette kan man se som en fordel fordi det i utgangspunktet bidrar til å fremme sosial læring. På den annen side kan man se det som en ulempe fordi barna faktisk ikke har noe valg, men har samspill med barn i ulike aldre fordi det faktisk ikke finnes noen jevnaldrende i mils omkrets. Jevnaldersosialisering vil derfor i større eller mindre grad falle bort for en del barn ved de minste skolene.»*

#### 4.5.1 Skuleskyss og reisetid

Ein sentral faktor for om elevane ved Borgund skule og Ljøsne skule kan overførast til Lærdalsøyri skule, er om reisetida og reisevegen ned til Lærdalsøyri vert vurdert som ei akseptabel skulereise. Omfattande utbyggingstiltak på E 16 i dei seinare åra, har medført at vegtryggleiken er god, men store delar av skuleskyssen skjer på gamlevegen og på smale tilførselsvegar til busshaldeplassane.

Elevar i Borgund krins vil bruka lengst tid på skulereisa. På Ljøsne må tilførselsvegane sikrast og einskildelever bør unngå å krysse europavegen for å koma til haldeplassen.

Barneombodet har sagt dette om skuleskyss:

I NOU 1995:18 blir retten til skuleskyss omtala. Her viser ein til rettleiinga frå Kirke- og undervisningsdepartementet i heftet N-4/85 om anbefalt tidsbruk til reise- og ventetid ved skuleskyss. Det dåverande Kirke- og undervisningsdepartementet (nåværende Kunnskapsdepartementet) skriv følgjande:

Ved praktiseringen av grunnskoleloven har Kirke- og undervisningsdepartementet anbefalt følgende når det gjelder "akseptabel" tid underveis (reisetid + gangtid + ventetid én vei):

For 1.-3. klasse: inntil 45 minutter

For 4.-6. klasse: inntil 60 minutter

For 7.-9. klasse: inntil 75 minutter

Dette heftet er nå trekt tilbake. Barneombodet meiner det er grunn til å stille spørsmål ved om anbefalinga var i overkant av kva som er det beste for barnet. Reisetid som overstig det som i si tid blei anbefalt, vil etter vår mening vere i strid med kva som er det beste for barnet. Særlig gjeld det for dei yngste elevane og funksjonshemma elevar. Når ein skal vurdere kva som er det beste for barnet, må ein i tillegg til tida ta andre omsyn, så som standarden og kvaliteten på vegen, og servicenivået på skulebussen.

#### Læringsutbytte og skulemiljø

Når reisevegen blir for lang, kan det gå ut over retten elevane har på eit godt skulemiljø. Vi viser til opplæringslova kapittel 9a. Elevar som er slitne etter reisa, eller gruar seg til reisa, kan også få et redusert læringsutbyttet. Dersom lang skyss på därlege vegar med därlege transportmiddel går ut over læringsmiljøet, kan den i tillegg vere i strid med opplæringslova. Å vere lang tid utan tilsyn på skuleskyssen, kan også gi risiko for auka mobbing. Dette er skulen sitt ansvar. Utdanningsdirektoratet har i [Rundskriv nr 2-2010](#) presisert at retten til eit godt psykososialt miljø også gjeld på skulevegen.

#### Rett til leik og fritid

Når eleva brukar lang tid på skuleskyss, så vil det bli mindre tid til leik, kvile og fritidsaktivitetar. Dette er ein rett som er heimla i [Barmekonvensjonen artikkel 31](#). Lang reiseveg til skulen kan gå ut over denne retten.

#### **Reisetida: Borgund til Lærdalsøyri – planen vurderer dette som ikkje akseptabel reisetid**

For einskilde elevar i Borgund krins (Maristova), vil reisevegen ned til Lærdalsøyri overstige dei gamle normtala i opplæringslova for akseptabel reisetid. Med køyring på store delar av «gamlevegen» for born i Borgund, med ventetid og stopp på vegen, vil reisetida fort overstige 60 min ein veg for elevar i 1-4 klasse.

Det vert difor vurdert at reisevegen mellom Borgund krins og Lærdalsøyri skule fell utanfor opplæringslova sitt krav til akseptabel tidsbruk / reisetid jmf. § 7-1. Planen vurderer dette som ein urimeleg krevjande skyss for dei aller minste borna, særleg 1. klassingane – slik organiseringa av skuleskyssen vert praktisert inneverande skuleår (2014/15).

Dermed vil strukturalternativ som inneberer at barnesteget ved Borgund krins skal overførast til Lærdalsøyri skule falle bort som ei reell løysing i dette plandokumentet.

#### **Reisetida: Ljøsne til Lærdalsøyri – planen vurderer dette som akseptabel reisetid**

Planen vurderer reisetida for elevar i Ljøsne krins som akseptabel og innafor opplæringslova sine krav. Elevane vil ha rett på gratis skyss til Lærdalsøyri. Folkemøta har med rette peika på at også einskilde elevar i Ljøsne krins vil bruka lang tid på skulevegen. Skyssen må organiserast slik at elevane på Ljøsne ikkje treng å kryssa europavegen om skyssen vert organisert slik. Det kan vurderast om einskilde elevar – ved ei overføring til Lærdalsøyri skule – bør har sikringsskyss fram til felles haldeplass eller kjem inn under reglane for farleg skuleskyss.

Opplæringslova § 7-1 gjev elevar følgjande rettar i høve skuleskyss:

*Elevar i 2.-10. årstrinn som bur meir enn fire kilometer frå skolen har rett til gratis skyss. For elevar i 1. årstrinn er skyssgrensa to kilometer. Elevar som har særleg farleg eller vanskeleg skoleveg har rett til gratis skyss utan omsyn til veglengda.*

Ved ei eventuell endring av skulestrukturen i Lærdal, der Lærdalsøyri skule blir sentralskule i kommunen, vil alle elevane i skulekrinsane Borgund og Ljøsne ha rett på skuleskyss. Dei fleste elevane vil få E16 som skoleveg. Nokon elevar vil kome på skulebussen langs riksveg 52. Elevar som er busett lengst nordaust og søraust for Borgund skule har rett på skuleskyss innanfor dagens skulestruktur. Det nye ved ei eventuell endring av skulestrukturen vil bli at desse elevane får lengre skoleveg og lengre skystid.

*«Kommunen er ansvarleg for skyss av grunnskuleelevar som har tett til skyss på grunn av særleg farleg eller vanskeleg skoleveg, [...] Elles er fylkeskommunen ansvarleg for skyss, [...] Kommunane betaler refusjon etter personakst for grunnskoleelevar».*

Merknad frå Ot.prop. nr. 46 (1997/1998) til § 7-1 i opplæringslova

«*Elevar i 1. klasse som har meir enn 1 km gangavstand til offentleg skyssmiddel kan søkje om særskild skyss på denne strekninga. På same måte kan elevar i 2. – 10. klasse som har meir enn 2 km gangavstand til offentleg skyssmiddel søkje om særskild skyss på denne strekninga.*».

I reisetida skal gangtid, ventetid og reisetid fra heimen til skulen eller dør til dør målast. Det er kommunen som vurderer om skulevegen er farleg eller ikkje.

Opplæringslova har ikkje lenger øvre grenser for kva som er akseptabel reisetid – og det er opp til Lærdal kommune å gjere desse vurderingane. Tidlegare var maksimal reisetid – ein veg – lovregulert til 45 minutt for elevar på småtrinnet, 60 minutt for elevar på mellomsteget og 75 minutt for elevar på ungdomssteget. Denne tilrådinga er ikkje lenger styrande for kommunane.

#### 4.5.2

#### **Eventuell etterbruk av Ljøsne skule**

Det er kun elevane ved Ljøsne skule som seinare i planen vert tilrådd overført til andre skular. Det kan difor vera aktuelt å avhenda helle eller delar av dette skuleanlegget.

Bygget består av to frittståande bygningar kor gymnastikkbygget og skulebygget er adskilt. Mange kommunar overfører dei byggfunksjonane som vert nytta av nærmiljøet vederlagsfritt som idretts- og kulturbrygg til krinsen.

# 5 Arealnorm

## 5.1 Grunnskule

Lærdal kommune har ikkje ein eigen vedteken arealnorm for skuleanlegg. Det er difor utarbeidd ei norm som byggjer på erfaringstal frå kommunar i Norge. Arealskjemaet syner normert arealbehov for ulike skuletypar og skulestorleikar – tilpassa dagens skular og strukturalternativa seinare i rapporten. Norma vert nytta i arealanalysen av det einskilde skuleanlegg for å sikre at alle skular vurderast på likt grunnlag. Ei på førehand definert norm kan også redusere behovet for tidleg-fase utgreiingar knytt til arealbehov og arealfunksjonar.

### 5.1.1 Utfyllande forklaring til arealnorma

Det er eit prinsipp at alle elevar og tilsette, uavhengig av kva for skule dei er ved i kommunen, har dei same funksjonane tilgjengeleg for sitt arbeid. Men kommunens økonomiske rammer tillåt ikkje at det byggjast arealmessige fullgode spesialrom ved dei minste skulane. Det vil gjere dei for kostbare i investering og drift. Difor må ein ved små skular slå saman det normerte areal for nokre funksjonar og etablere fleirfunksjons rom. Til dømes kan ein i ei B100 skule slå saman det normerte arealet til kunst og handverk og naturfag, for så å etablere ein verkstad for tre/metallarbeid og forsøk, og eit rom for tekstil/teikning og forsøk. Skulekjøken, kantine og SFO kan planleggast slik at det same arealet skal fungere som kjøken og spiseareal, både i undervisning og i SFO.

Ved mindre skular kan ein også planleggje dei generelle læringsareaala slik at dei samsvarar med behova ein fådelt skule har.

I de ulike kategoriane inngår følgjande rom:

#### 5.1.1.1 Generelt læringsareal

**Generelle læringsareal:** klasserom, baserom, grupperom, fellesareal, auditorium

**Elevgarderobar/toalett:** toalett som er tilgjengeleg for alle elevane i anlegget. Toalett tilknytt spesialromsfunksjonar som idrettsareal er ikkje med.

**SFO-base:** arealet til SFO som ikkje er sambruk med skulen. Arealet omfattar leike- og opphaldsareal, kjøken og materiallager for SFO.

#### 5.1.1.2 Spesielt læringsareal

**Skulekjøken:** koke-, anretning- og oppvasksone, spiseareal, tørrvare- og kjølelager og rom for vask og stell av tøy.

**Bibliotek:** boksamling for skjønnlitteratur og fagbøker, og bibliotekararbeidsplass. Areal til eventuelt arkiv for lærebøker hentast frå «Drift og lager».

**Naturfag:** forsøksrom/klasserom, førebuingsrom og lager.

**Musikk:** øvingsrom, klasserom og lager.

**Kunst og handverk:** verkstader for harde materialar, mjuke materialar, maskinrom, materiallager og lagerplass for elevarbeid.

#### 5.1.1.3 Personal- og administrasjon

**Administrasjon (inkl SFO-leder):** forkontor, kontorar for rektor, inspektørar/avd. leiar og SFO-leiar, arkiv og rekvisitalager.

**Lærararbeid plasser m/støttefunksjoner:** kontorarbeidsplasser for lærarane, stillerom og samarbeidssonar.

**Møterom:** møterom som er tilgjengeleg for alle i personalet. Personalrom, som også er møterom, er ikkje inkludert i dette arealet.

**Personalrom:** arealet som nyttast til avvikling av personalets lunsjpause. Ofte er dette rommet også tilrettelagt for møteverksemd, men arealet blir ikkje rekna som møteareal.

**Personalgarderobar/toalett:** toalett, omkledningsrom med dusj, og klesgarderobe for personalet. I dette arealet inngår ikkje garderobar tilknytt idrettsarealet.

#### 5.1.1.4 Andre funksjoner

**Kantine:** areal kor elevane kan samlast for lunsj eller til andre sosiale samkomer.

**Helse/PPT/Logoped:** dei rom som er tilpassa skulehelsetenesta si verksemd. Dersom helsetenesta/PPT/logoped nyttar møterom eller generelt læringsareal tel det ikkje med i denne kategorien.

**Drift og lager:** areal for reinhald, driftspersonell og ulike lagerrom.

## 5.2 Døme på ein arealnorm for Lærdal kommune

SKOLETYPE:		B100	Pr.elev	K200	Pr.elev	K250	Pr.elev	K300	Pr.elev	Lærdalsøyri skule
<b>GENERELT LÆRINGSAREAL:</b>										
GENERELLE LÆRINGSAREAL		400	4,00	800	4,00	1 000	4,00	1 200	4,00	
ELEVGARDEROBAR/TOALETT		85	0,85	148	0,74	185	0,74	222	0,74	
SFO-BASE		20	0,20	28	0,14	35	0,14	42	0,14	
<b>SUM GENERELT LÆRINGSAREAL:</b>		<b>505</b>	<b>5,05</b>	<b>976</b>	<b>4,88</b>	<b>1 220</b>	<b>4,88</b>	<b>1 464</b>	<b>4,88</b>	
<b>SPESIELT LÆRINGSAREAL:</b>										
SKULEKJØKEN		40	0,40	70	0,35	75	0,30	75	0,25	
BIBLIOTEK		40	0,40	70	0,35	75	0,30	75	0,25	
NATURFAG		40	0,40	70	0,35	80	0,32	100	0,33	
MUSIKK		60	0,60	70	0,35	90	0,36	90	0,30	
KUNST OG HÅNDVERK		80	0,80	140	0,70	175	0,70	210	0,70	
<b>SUM SPESIELT LÆRINGSAREAL</b>		<b>260</b>	<b>2,60</b>	<b>420</b>	<b>2,10</b>	<b>495</b>	<b>1,98</b>	<b>550</b>	<b>1,83</b>	
<b>PERSONAL- OG ADMINISTRASJON</b>										
ADMINISTRASJON (INKL SFO-LEDER)		35	0,35	60	0,30	75	0,30	75	0,25	
LÆRERARBEIDSPLASSER M/STØTTEFUNKSJONER		48	0,48	120	0,60	150	0,60	180	0,60	
MØTEROM		20	0,20	20	0,10	25	0,10	30	0,10	
PERSONALROM		20	0,20	40	0,20	45	0,18	45	0,15	
PERSONALGARDEROBAR/TOALETT		13	0,13	25	0,13	30	0,12	36	0,12	
<b>SUM PERSONAL- OG ADMINISTRASJONSAREAL</b>		<b>136</b>	<b>1,36</b>	<b>265</b>	<b>1,33</b>	<b>325</b>	<b>1,30</b>	<b>366</b>	<b>1,22</b>	
<b>ANDRE FUNKSJONER:</b>										
KANTINE		30	0,3	60	0,30	75	0,30	90	0,30	
HELSE/PPT/LOGOPED		15	0,15	20	0,10	25	0,10	30	0,10	
DRIFT OG LAGER		35	0,35	60	0,30	75	0,30	75	0,25	
<b>SUM ANDRE FUNKSJONER</b>		<b>80</b>	<b>0,80</b>	<b>140</b>	<b>0,70</b>	<b>175</b>	<b>0,70</b>	<b>195</b>	<b>0,65</b>	
<b>SUM NETTOAREAL ekskl idrettsareal</b>		<b>981</b>	<b>9,81</b>	<b>1801</b>	<b>9</b>	<b>2215</b>	<b>9</b>	<b>2575</b>	<b>9</b>	
<b>SUM BRUTTOAREAL ekskl idrettsareal (NETTO* B/N faktor)</b>	<b>1,40</b>	<b>1373</b>	<b>13,734</b>	<b>2 521</b>	<b>12,61</b>	<b>3 101</b>	<b>12,40</b>	<b>3 605</b>	<b>12,02</b>	
IDRETTSAREAL (SAL/GARD/BIROM)		350	3,5	350	1,75	350	1,40	350	1,17	
<b>SUM NETTOAREAL inkl idrettsareal</b>	<b>1331</b>	<b>13,3</b>	<b>2 151</b>	<b>10,76</b>	<b>2 565</b>	<b>10,26</b>	<b>2925</b>	<b>9,75</b>		
<b>SUM BRUTTOAREAL (NETTO* B/N faktor) :</b>	<b>1,40</b>	<b>1863</b>	<b>18,63</b>	<b>3 011</b>	<b>15,06</b>	<b>3 591</b>	<b>14,36</b>	<b>4 095</b>	<b>13,65</b>	
I bruttoareal inngår tekniske rom, vegtykkelse, gangareal m.m.										

# 6 Strukturmogelegeheter

I dette kapittelet vert det presentert og konsekvensvurdert 5 moglege strukturalternativ for korleis Lærdal kommune kan organisere skuleverksemda på barnesteget.

## 6.1 Hovudutfordringar i Lærdal-skulen

- Mindre samanhengande elevtalet i heile grunnskulen
  - I åra 2000 til 2010 låg elevtalet rundt 300 samla for 1-10 årssteg. Skuleåret 2014/15 er talet på elevar redusert til 246, medan prognosetala frå SSB tyder på ein liten nedgang til rundt 230 elevar i 2030. Dette utgjer ei reduksjon i elevtalet på 20% i perioden frå omkring 2000 til 2030. Frå dagens elevtal til 2030 er forventa nedgang på nær 7 % (med optimistisk framskriving).
- Særskilt mykje ledig skulekapasitet i dei tre skuleanlegga i Lærdal
  - Låg utnytting av kommunens mest moderne og kostbare skule – Lærdalsøyri skule har plass til fleire elevar
  - Skuleanlegga vert drivne for «halv maskin»
- Vedlikehaldsetterslep på Borgund og Ljøsne – Skuleanlegg med framtidige behov for oppgradering og rehabilitering.
- To fådelte skular med låge elevtalet, mellom 15 og 50 elevar. Få elevar på kvart årstrinn, og einskilde årssteg utan elevar.
- Elevtalesnedgang ved Lærdalsøyri skule - utan at klassetalet går tilsvarende ned.

## 6.2 Økonomiske føresetnader for investering og driftskostnader

Dei strukturelle vurderingane i denne rapporten tek utgangspunkt i slike overordna føresetnader:

- ❖ etablere skulestrukturar som i størst mogleg grad sikrar at alle elevane får likeverdige fysiske opplæringsmiljø
- ❖ elevar som vert tilrådd å byta skule – skal få tilbod om eit betre fysisk læringsmiljø ved eit eventuelt skulebytte
- ❖ Tiltak i rapporten tek utgangspunkt i kommunen eigne kostnadstal slik dei er presenterte i vedteken Handlingsplan slik:
  - Kr. 18 024 pr. m<sup>2</sup> Lærarfløy – byggjesteg 4 - Lærdalsøyri skule

- Kr. 20 000 pr. m<sup>2</sup> garderobar symjehall
- Kr. 25 000 pr. m<sup>2</sup> for renovering av Ljøsne skule fordelt på 1202 Nta
- Kr. 5,0 mill til renovering av symjehallen på Borgund
- ❖ Sal eller anna form for avhending av skuleanlegg er ikkje inntektsberekna eller inntektsført
- ❖ Kommunen må rekne med behov for bygningsmessige renoveringar av Borgund skule i planperioden – utover ordinært vedlikehald.
- ❖ Driftsmessige konsekvensar vert tufta på 2015 budsjettet (inneverande år) og tek utgangspunkt i kommunens budsjettal for 2015.

Sentrale prinsipp og moment for vurderinga av framtidige strukturmogelegheiter tek utgangspunkt i dei fokusområda som er presentert tidlegare i planen – og det vert lagt vekt på å sikre:

- ❖ nok skuleareal og skulekapasitet i eit langsigktig perspektiv etter 2030
- ❖ ei lokalisering som samsvarar med behova og dei langsiktige linene i kommuneplanen
- ❖ funksjonelle og kostnadseffektive skuleanlegg som gjev likeverdige fysiske opplæringsrammer
- ❖ Ein struktur som i størst mogleg grad sikrar store fagmiljø som er endringsdyktige, effektive og fleksible
- ❖ gjev forsvarlege skyssreiser med reisetider som er akseptable

### 6.3 Fire moglege alternativ / konsept

I samband med folkemøta og møtet med den politiske styringsgruppa (formannskapet) har prosjektgruppa vurdert fem moglege strukturalternativ slik:

#### 0. TRE SKULAR : Vidareføring av dagens situasjon

##### a. Oppvekstsentermodell på Borgund

#### 1. TO SKULAR : «Ein i kvar ende» (Borgund og Lærdalsøyri)

##### a. Oppvekstsentermodell på Borgund

#### 2. TO SKULAR – EIN BARNEHAGE : To skular og barnehage på Ljøsne

#### 3. TO SKULAR – EITT OPPVEKSTSENTER : To skular og «mini-oppvekstsenter» med barnehage, 1-4 småsteg og SFO på Ljøsne

#### *6.3.1 Oppvekstsenter på Borgund*

Denne modellen inneberer at barnehagen vert overført til skulen med felles leiing og saman med skulepersonalet. Fordelane med denne løysinga er skildra tidlegare i plandokumentet. Ulempa med

oppvekstsentermodellen er at barnehagebygget må avhendast, seljast eller nyttast til andre føremål. Barnehagen er 15 år gamal og svært funksjonell. I skulebygningen må ein pårekne noko ombygging for at ein skal kunne drive barnehage på ein lovleg og god måte.

#### **6.3.2 Oppvekstsenter på Ljøsne med barnehage, skule for 1-4 årssteg (inklusiv SFO).**

Inneverande skuleår 2014/15 er det registrert 27 førskuleborn på Ljøsne og 11 førskuleborn på Borgund – totalt 38 born eller om lag 42 einingar. Dette gjev grunnlag for barnehagedrift av to avdelingar.

Ulempen med å etablere barnehage på Ljøsne inneberer at barnehagekapasiteten må reduserast tilsvarende på Lærdalsøyri og Borgund. Lærdalsøyri vil truleg måtte redusere drifta med ein avdeling i gode fysiske barnehageareal. Dermed vil denne barnehagen ha mykje ledig kapasitet. Også på Ljøsne vil oppretting av barnehage medføre investeringar i bygningen.

#### **6.3.3 Justering av krinsgrenser og opptaksområder**

I alternativ som inneberer skuledrift i to skular med nedlegging av Ljøsne skule som konsekvens, vil kommunen måtte justere krinsgrensa i tråd med nærskuleprinsippet i opplæringslova. Det betyr at delar av elevane i Ljøsne krins (innover dalen) vil få Borgund skule på Steinklepp som nærmeste skule.

I alternativ 2 ovanfor, kor Ljøsne skule vert oppvekstsenter med skule for småsteget 1-4 klasse inklusiv SFO, vil ein komma i situasjonar kor delar av elevane på mellomsteget på Ljøsne, må fordelast til Borgund og Lærdalsøyri. Det er truleg betre å overføra heile mellomsteget ved Ljøsne skule til Lærdalsøyri skule i dette alternativet, slik at elevgruppa vert samla. Elevane må uansett gå på ungdomssteget på Lærdalsøyri saman. Kan hende ynskjer einskilde elevar i austre del av Ljøsne skulekrins å gå på Borgund på mellomsteget. Fritt skuleval opnar for at dette vert mogleg.

### **6.4 To alternativ er «silt ut» - og er ikkje med vidare: Borgund til Ljøsne og Borgund til Lærdalsøyri**

Undervegs i planarbeidet er alternativet om å overføra elevane på Borgund skule til Ljøsne skule – ikkje vurdert som eit reelt alternativ. Dette skuldast i hovudsak at skulevegen for elevane i Borgund krins framleis vert lang.

Alternativet som gjev felles skule på Lærdalsøyri vil vere uaktuelt for elevane på Borgund, grunna for lang reisetid for dei minste elevane. Desse vurderingane er knytt til at skyssmiddelet må køyra store delar av strekninga på «gamlevegen» med mange stopp undervegs.

## 6.5 Moglegheit 0 – Vidareføring av dagens situasjon (referansealternativet)

### 6.5.1 Strukturkonsekvensar

Ingen endring av skulestrukturen. Alternativet vidareførar dagens situasjon med kombinertskule 1-10 på Lærdalsøyri (felles ungdomssteg), og med barneskular (1-7) på Ljøsne og Borgund (Steinklepp).

Borgund skule kan vurdere oppvekstsentermodell med felles drift av barnehage og barnesteget.

### 6.5.2 Investerings- og bygningsmessige konsekvensar

Moglegheit 0 - Videreføring av dagens situasjon - tre skular	Dimensjonere nde elevtall jf. prognose	Areal pr. mars 2015 (BTA)	Arealbehov iht elevtall	Type tiltak (m <sup>2</sup> )			Anslått investeringskostnad (NOK)			
				Lærarfløy LØS trinn 4	Ljøsne skule omfattande rehabilitering	Symjehall	Lærarfløy LØS trinn 4	Ljøsne skule omfattande rehabilitering	Symjehall	Investerings- kostnad
Borgund skule med symjeanlegg	20	1 164	624		-	100	-	-	5,0 mill	5,0 mill
Ljøsne skule	50	1 399	1 035	-	1 202	-	-	37,5 mill	-	37,5 mill
Lærdalsøyri skule med symjehall	200	5 328	2 521	1 297		290	23,4 mill	-	14,5 mill	37,9 mill
<b>Sum</b>	<b>270</b>	<b>7 891</b>	<b>4 180</b>	<b>1 297</b>	<b>1 202</b>	<b>390</b>	<b>23,4 mill</b>	<b>37,5 mill</b>	<b>19,5 mill</b>	<b>80,4 mill</b>

Det estimert eit investeringsbehov på om lag kr. 80,4 mill. til rehabiliteringsoppgåver ved dei tre skulanlegga i kommunen. Størst behov er vurdert ved Ljøsne skule og Lærdalsøyri skule.

Ved Ljøsne skule er det kostnadsrekna omfattande renovering av bygget. Ventilasjonsanlegg og bygningsmessige tiltak innan grunnarbeid, innervegger, vindauge, trapperom, dører mv.

Ved Lærdalsøyri skule er det medtatt kostnader til oppussing av folkebiblioteket (om dette arealet vert nytta til skuleføremål) lærararbeidsplassar, og til ombygging av dei gamle dusjgarderobane i tilknyting til symjehallen.


På Borgund er det renovering av symjehall og ventilasjon som hovudtiltak.

## 6.6 Moglegheit 1- To skular – «ein i kvar ende» (Lærdalsøyri og Borgund)


### 6.6.1 Strukturkonsekvensar

Elevar frå Ljøsne skule vert overført til Lærdalsøyri barne- og ungdomsskule.

Borgund skule som før, men kan få fleire elevar frå Ljøsne krins. I figuren under er alle elevane ved Ljøsne krins overført til Lærdalsøyri skule fom skuleåret 2015/16.



Lærdalsøyri skule inkludert Ljøsne skule får eit elevtal mellom 200-240 innover heile prognoseperioden. Skulen har kapasitet til å ta imot elevane ved Ljøsne skule.



I figuren over er det synt elevkonsekvensane om 20 prosent av elevane ved Ljøsne skule vel Borgund skule som nærskule. Prognose fom. skuleåret 2015/16.

## 6.6.2 Investerings- og bygningsmessige konsekvensar

Konsept 1 - Drift ved 2 skular "Ein i kvar ende"	Dimensjoneren de elevtall jf. prognose	Areal pr. mars 2015 (BTA)	Arealbehov iht elevtall	Type tiltak (m <sup>2</sup> )			Anslått investeringskostnad (NOK)			
				Lærarføy LØS trinn 4	Ljøsne skule omfattande rehabilitering	Symjehall	Lærarføy LØS trinn 4	Ljøsne skule omfattande rehabilitering	Symjehall	Investeringskostnad
Borgund skule med symjeanlegg		20	1 164	624	-	-	100	-	-	5,0 mill
Ljøsne skule		50	1 399	1 035	-	-	-	-	-	-
Lærdalsøyri skule med symjehall		200	5 328	2 521	1 297	-	290	23,4 mill	-	14,5 mill
<b>Sum</b>		<b>270</b>	<b>7 891</b>	<b>4 180</b>	<b>1 297</b>	<b>-</b>	<b>390</b>	<b>23,4 mill</b>	<b>-</b>	<b>19,5 mill</b>
										<b>42,9 mill</b>

Dette alternativet inneber at det ikkje er behov for investeringar ved Ljøsne skule. Dermed vert samla investeringsbehov mindre enn i alternativ 0 over. Estimert investeringsbehov i planperioden i dette alternativet er stipulert til kr. 43 mill.

## 6.7 Moglegheit 2 – To skular – ein ny barnehage på Ljøsne

### 6.7.1 Strukturkonsekvensar

Elevar : Som i alternativ 1 over, med Borgund og Lærdalsøyri skule.

Førskuleborn: Barnehagen på Borgund vert overført til nyopprettet barnehage på Ljøsne.

Kapasiteten må reduserast tilsvarende i Borgund barnehage og Lærdalsøyri barnehage.

Tal førskuleborn	Ljøsne	Borgund
0-5 år (Folkeregisteret)	17 born	11 born

Det er registrert 28 førskuleborn busett i Borgund og Ljøsne skulekrinsar. Omrekna til einingar gjev dette om lag 42 einingar som driftsgrunnlag i desse to krinsane.

### 6.7.2 Investerings- og bygningsmessige konsekvensar

Konsept 3 - To skular og ein barnehage	Dimensjonene de elevtall jf. prognose	Areal pr. mars 2015 (BTA)	Arealbehov iht elevtall	Type tiltak (m <sup>2</sup> )			Anslått investeringskostnad (NOK)			
				Lærarfleøy LØS trinn 4	Ljøsne skule omfattande rehabilitering	Symjehall	Lærarfleøy LØS trinn 4	Ljøsne skule omfattande rehabilitering	Symjehall	Investerings- kostnad
Borgund skule med symjeanlegg	20	1 164	624	-	-	100	-	-	5,0 mill	5,0 mill
Ljøsne skule	50	1 399	1 035	-	700	-	-	21,8 mill	-	21,8 mill
Lærdalsøyri skule med symjehall	200	5 328	2 521	1 297	-	290	23,4 mill	-	14,5 mill	37,9 mill
<b>Sum</b>	<b>270</b>	<b>7 891</b>	<b>4 180</b>	<b>1 297</b>	<b>700</b>	<b>390</b>	<b>23,4 mill</b>	<b>21,8 mill</b>	<b>19,5 mill</b>	<b>64,7 mill</b>

Ein barnehage med 3 avdelingar for 45 born (9 born under 3 år og 36 born over 3 år) vil etter statleg arealnorm ha trong for 542 m<sup>2</sup> BTA eller 387 m<sup>2</sup> NTA. Dersom Ljøsne skule skal ombyggast til barnehage, er det ikkje trong for å nytta heile bygningen. Utfordringa vert korleis resterande bygningsmasse skal nyttast eller avhendast.


I investeringsbehovet over er det lagt til grunn eit mindre investeringsbehov som følge av renovering og ombygging til barnehage.

Det er estimert eit investeringsbehov på om lag kr. 22,0 mill. for å bygga om delar av Ljøsne skule til barnehage. Barnehagen bør få disponere gymnastikkbygget til sine aktivitetar på dagtid.


Det medfører at eit estimert investeringsbehov på om lag kr. 65,0 mill. for dette alternativet.

## 6.8 Moglegheit 3 – To skular og eitt oppvekstsenter (barnehage, 1-4 skule) på Ljøsne

### 6.8.1 Strukturkonsekvensar



Heile mellomsteget frå Ljøsne skule er synt som elevkonsekvensar for Lærdalsøyri skule. Nokre elever kan velje Borgund skule som nærskule.



Ljøsne skule synt som skule for småsteget 1-4 klasse. I tillegg kjem barnehageborna ved denne skulen. Dette gjev grunnlag for om lag 50-55 born ved skulen ( ca. 28 førskuleborn og ca. 25 elevar).

## 6.8.2 Investerings- og bygningsmessige konsekvensar

Ljøsne oppvekstsenter har trong for heile bygningen – difor vert same investeringsbehov som i alternativ 0 vidareført som kostnadsgrunnlag i dette alternativet.

Konsept 4 - To skular og eitt oppvekstsenter	Dimensjoneringen de elevtall jf. prognose	Areal pr. mars 2015 (BTA)	Arealbehov iht elevtall	Lærarføy LØS trinn 4	Type tiltak (m <sup>2</sup> )		Anslått investeringskostnad (NOK)			
					Ljøsne skule omfattande rehabilitering	Symjehall	Lærarføy LØS trinn 4	Ljøsne skule omfattande rehabilitering	Symjehall	Investerings-kostnad
Borgund skule med symjehall	20	1 164	624	-	100	-	-	5,0 mill	5,0 mill	
Ljøsne skule	50	1 399	1 035	-	1 202	-	-	37,5 mill	-	37,5 mill
Lerdalsøyri skule med symjehall	200	5 328	2 521	1 297	-	290	23,4 mill	-	14,5 mill	37,9 mill
<b>Sum</b>	<b>270</b>	<b>7 891</b>	<b>4 180</b>	<b>1 297</b>	<b>1 202</b>	<b>390</b>	<b>23,4 mill</b>	<b>37,5 mill</b>	<b>19,5 mill</b>	<b>80,4 mill</b>

Dette gjev eit samla estimert investeringsbehov på kr. 80,4 mill. for skule- og barnehagedrift i tre skuleanlegg.

## 6.9 Estimerte driftsmessige konsekvensar – kvart alternativ / konsept

KONSEPT / ALTERNATIV	Investering og rentekostnad	Skuledrift	Byggdrift (FDV)	Skoleskyss
<b>0 – Dagens situasjon – tre grunnskular</b>	<b>80,4 mill.</b> 4,1 mill. i årlege rentekostnader	<b>24,9 mill.</b>	<b>5,0 mill.</b>	<b>0,6 mill.</b>
<b>1 – Ein skule i kvar ende</b>	<b>42,9 mill.</b> 2,2 mill. i årlege rentekostnader	<b>19,6 mill.</b>	<b>4,2 mill.</b>	<b>0,8 mill.</b>
<b>2 – Ein skule i kvar ende + barnehage Ljøsne</b>	<b>64,7 mill.</b> 3,3 mill. i årlege rentekostnader	<b>19,6 mill.</b> Barnehage intern overflytting kr. 0	<b>4,6 mill.</b> Noe redusert FDV på Ljøsne	<b>0,8 mill.</b>
<b>3 – Ein skule i kvar ende + oppvekstsenter Ljøsne</b>	<b>80,4 mill.</b> 4,1 mill. i årlege rentekostnader	<b>22,0 mill.</b> Innsparing 2 klassar. Barnehage intern overflytting kr. 0	<b>5,0 mill.</b>	<b>0,7 mill.</b>

Alternativer / konsekvenser på drift	Rente-kostnad	Skule drift	FDV Byggdrift	Skule skyss	Estimert driftskostnad	Innsparings potensial
<b>Alt. 0 (samanlikningsalt.)</b>	<b>4,1</b>	<b>24,9</b>	<b>5</b>	<b>0,6</b>	<b>34,6</b>	<b>0</b>
<b>Alt. 1</b>	<b>2,2</b>	<b>19,6</b>	<b>4,2</b>	<b>0,8</b>	<b>26,8</b>	<b>7,8</b>
<b>Alt. 2</b>	<b>3,3</b>	<b>19,6</b>	<b>4,6</b>	<b>0,8</b>	<b>28,3</b>	<b>6,3</b>
<b>Alt. 3</b>	<b>4,1</b>	<b>22</b>	<b>5</b>	<b>0,7</b>	<b>31,8</b>	<b>2,8</b>

I tabellen over er det estimert driftskostnader med innsparingspotensial for kvart alternativ. Det er alternativ 1 – «ein skule i kvar ende» som vert vurdert til størst innsparingspotensial med ei årleg redusert kostnad på kr. 7,8 mill. Det er innsparinger knytt til overføringa av elevane ved Ljøsne skule til Lærdalsøyri skule (og evt. Borgund skule). Desse elevane går inn i allereie etablerte klassar og gjev dermed stort innsparingspotensiale på sjølve skuledrifta. Kommunen kan også redusere kostnaden til byggdrift. Det vert lagt til grunn at flytting av eksisterande barnehagekapasitet skjer innafor rammene til vedteken barnhagedrift.

Skysskostnadene for ofte stor merksem, men utgjer liten del av dei totale kostnadane. Dersom det er naudsynt med sikringsskyss for elevane på Ljøsne i alternativ 1 og 2 vil denne kostnaden auke litt.